

DFØ-rapport 2021:4

DFØ og forvaltninga av økonomiregelverket i 2020



Forord

Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) har frå Finansdepartementet fått delegert ansvaret for å forvalte økonomiregelverket og utgreiingsinstruksen.

I tildelingsbrevet for 2021 har vi fått i oppdrag å utarbeide årlege rapportar til departementet om forvaltninga av høvesvis økonomiregelverket og utgreiingsinstruksen. Rapportane skal peike på eventuelle forhold av gjennomgåande karakter som er komne fram i Dokument 1 frå Riksrevisjonen for revisjonsåret 2019. Vidare skal rapportane orientere om strategisk viktige enkeltoppgåver for DFØ på regelverksområdet i 2021. Rapportane skal sendast til departementet innan 31. mars 2021.

Dette er rapporten om forvaltninga av økonomiregelverket i 2020.

Innhald

Forord	1
1 Kort om rapporten.....	3
2 Myndighet, interne retningslinjer og organisering i DFØ	5
3 Unntakssøknader	6
3.1 Omfang og kva krav det er søkt om unntak frå	6
3.2 Om unntakssøknader behandla i 2020	7
4 Førespurnader og tolkingsuttalar.....	12
4.1 Om førespurnader behandla i 2020	12
4.2 Tolkingsuttalar og andre viktige uttalar	21
5 Andre tiltak og erfaringar	25
5.1 Regelverksutvikling	25
5.1.1 Rundskriv er oppdaterte.....	25
5.1.2 Ny vurdering av om statlege rekneskapsstandardar (SRS) bør gjerast obligatoriske	26
5.2 Innhenting av kunnskapsgrunnlag	27
5.2.1 Riksrevisjonen Dokument 1 for 2019	27
5.2.2 Kunnskapshenting og erfaringsdeling på styringsområdet.....	28
5.2.3 Definisjon av fagomgrep i økonomiregelverket	28
5.2.4 Innrapportert bruk av rekneskapsprinsipp	29
5.2.5 Rapport om økonomistyring i dei nordiske landa.....	29
5.3 Kompetansenester	30
5.3.1 Utvikling av fagområda styring, organisering og leiing.....	30
5.3.2 Kurs/webinar og foredrag	31
5.3.3 Faglege nettverk	32
5.3.4 Rettleiingsmateriell på nett.....	33
5.4 Forvaltning og tilgjengeleggjering av informasjon.....	34
5.4.1 Samarbeidsprosjektet Digitalskudd	34
5.4.2 Forvaltingsløysinga – eit styringsverktøy for departementstilsette.....	34
5.5 Tiltak som følge av koronaviruspandemien	35
6 Strategisk viktige enkeltoppgåver på regelverksområdet.....	36
Vedlegg: Oversikt over unntakssøknader i 2020	38

1 Kort om rapporten

DFØ har i tildelingsbrevet for 2021 fått i oppdrag å utarbeide årlege rapportar til departementet om forvaltinga av høvesvis økonomiregelverket og utgreiingsinstruksen. Rapportane skal peike på eventuelle forhold av gjennomgåande karakter som er komne fram i Dokument 1 frå Riksrevisjonen for revisjonsåret 2019. Vidare skal rapporten orientere om strategisk viktige enkeltoppgåver for DFØ på regelverksområdet i 2021. Rapportane skal sendast til departementet innan 31. mars 2021.

Formålet med rapporten er å gi Finansdepartementet eit grunnlag for å vurdere måten DFØ har forvalta økonomiregelverket på i det enkelte året. Regelverksrapporten blir vanlegvis gjennomgått i eit fagmøte med departementet og deretter publisert på dfo.no.

Tema og innhald i rapporten byggjer på det ansvaret vi har for å forvalte økonomiregelverket. Ansvaret som er delegert til oss, er mellom anna omtalt i DFØ-instruks¹ punkt 3.1, der det står at «DFØ er delegert forvaltningen av økonomiregelverket og utredningsinstruksen og skal formidle kunnskap om hvordan statlige virksomheter skal eller kan etterleve disse. Forvaltningen innebærer at DFØ skal fortolke, informere og veilede, samt vurdere behov for videreutvikling og gi råd til Finansdepartementet om endringer. DFØ skal også behandle unntakssøknader fra økonomiregelverket.»

Denne rapporten handlar om korleis vi utøvde forvaltinga i 2020, og strukturen og innhaldet er slik:

- Kapittel 1 og 2 handlar om rapporten og korleis regelverksarbeidet er organisert.
- Kapittel 3 handlar om søknader om unntak frå krav i økonomiregelverket som vi har behandla i 2020.
- Kapittel 4 inneheld omtale av kva vi har svart departement og statlege verksemder som har spurt oss om korleis økonomiregelverket skal tolkast og forståast. Å behandle slike førespurnader er ein del av arbeidet med å formidle kunnskap om korleis statlege verksemder skal eller kan etterleve regelverket. Det gir òg innspel til utviklinga av økonomiregelverket. I kapittel 4 skriv vi om førespurnader vi (som ansvarleg avdeling for regelverksforvaltning) har behandla i 2020.
- Kapittel 5 inneheld tema vi har arbeidd med i 2020 i samband med regelverksutvikling, kompetansetilbod og innhenting av kunnskapsgrunnlag. Kunnskapsgrunnlaget er relevant for å vurdere utviklinga av økonomiregelverket.
- Kapittel 6 inneheld omtale av strategisk viktige enkeltoppgåver for DFØ på regelverksområdet i 2021.

¹ Instruks fastsett av Finansdepartementet 18. desember 2020.

DFØ har òg ansvar for å forvalte og vidareutvikle to obligatoriske ordningar, som er statsrekneskapen og statens konsernkontoordning med tilhøyrande rammeavtalar. Fordi dette er ein rapport om regelverksforvalting, har vi valt å ikkje skrive om konsernkontosystema, det vil seie statsrekneskapen og betalingsformidling med statens konsernkontoordning.

2 Myndigheit, interne retningslinjer og organisering i DFØ

DFØ forvaltar økonomiregelverket på grunnlag av myndigheit delegert i instruks frå Finansdepartementet til direktøren i DFØ. Fullmaktene til DFØ er òg omtalte i fleire av dei faste rundskriva frå Finansdepartementet til statsforvaltninga, sjå [regjeringen.no](https://www.regjeringen.no). Det er Finansdepartementet som fastset prinsipp og standardar og tek avgjerd i prinsipielle saker.

Forvaltninga av økonomiregelverket var i 2020 organisert i divisjon styring, organisering og leiing, forvaltings- og analyseavdelinga (FOA). FOA er ansvarleg avdeling for regelverksforvaltning og tek imot spørsmål frå statlege verksemder om korleis dei skal forstå og etterleve økonomiregelverket.

Lønnsdivisjonen og rekneskapsdivisjonen i DFØ leverer lønns- og rekneskapstenester til nærmare 90 prosent av alle statlege verksemder. Dei to divisjonane er tenesteytarar og svarer på spørsmål frå lønns- og rekneskapskundar. Divisjonane vidare sender førespurnader frå kundar til FOA dersom spørsmål om regelverket er av prinsipiell karakter, eller dersom det er tema der regelverk er uklart eller vanskeleg å forstå. FOA svarer deretter kunden direkte eller gir kommentarar tilbake til divisjonane.

DFØ behandlar unntakssøknader og førespurnader i samsvar med dokumenterte interne retningslinjer og rutinar for å sikre god kvalitet, dokumentasjon og effektivitet.

3 Unntakssøknader


Dette kapittelet inneheld omtale av alle unntakssøknader som DFØ har behandla i 2020. På dfo.no er ei oversikt over alle gyldige unntak frå økonomiregelverket. I oversikta finn ein søknadene frå departement og verksemd og svaret frå DFØ. Oversikta er systematisert etter kva del av økonomiregelverket det er gitt unntak frå.

3.1 Omfang og kva krav det er søkt om unntak frå

DFØ behandla i 2020 til saman 17 søknader om unntak frå krav i økonomiregelverket. Vi gav eitt eller to unntak per søknad som blei innvilga. Av unntakssøknadene i 2020 var det

- ti søknader om unntak frå konsernkontoordninga
- tre søknader knytte til standard kontoplan
- tre søknader knytte til dei statlege rekneskapsstandardane (SRS)
- éin søknad som var relatert til koronavirusutbrotet og gjaldt eit mellombels unntak frå krav til transaksjonskontrollar

Figur 1: Behandla søknader, innvilga unntak og gyldige unntak i alt i perioden 2004 til 2020²



² Dei mange unntaka som blei innvilga ein periode, kom av at det i 2017 blei gitt unntak for rekneskapsåra 2016, 2017 og 2018 for alle verksemdar i universitets- og høgskulesektoren (22 verksemdar per søknad).

Tabell 1 er ei oversikt over kor mange unntakssøknader som er behandla i åra 2016 til 2020, fordelt på departement. Kunnskapsdepartementet søker om og har fått innvilga flest unntak i perioden, hovudsakleg unntak frå krav i konsernkontoordninga.

Tabell 1: Unntakssøknader i alt som er behandla dei fem siste åra, fordelt på departement

Departement	2020	2019	2018	2017	2016
Arbeids- og sosialdepartementet	-	-	-	2	5
Barne- og familiedepartementet	1	1	-	1	1
Finansdepartementet	2	4	-	-	2
Forsvarsdepartementet	1	1	-	-	4
Helse- og omsorgsdepartementet	-	-	1	-	1
Justis- og beredskapsdepartementet	2	1	1	2	2
Klima- og miljødepartementet	-	-	1	1	-
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	-	-	2	2	4
Kulturdepartementet	1	-	-	-	1
Kunnskapsdepartementet	7	6	10	5	4
Landbruks- og matdepartementet	-	-	2	2	1
Nærings- og fiskeridepartementet	3	6	3	1	3
Olje- og energidepartementet	-	1	1	1	3
Samferdselsdepartementet	-	-	1	1	2
Utanriksdepartementet	-	-	-	-	-
Behandla søknader i alt	17	20	22	18	33
Innvilga unntak i alt	15	16	23	80	46

3.2 Om unntakssøknader behandla i 2020

Nedanfor er ein omtale av unntakssøknadene og korleis DFØ har vurdert dei. Ei oversikt over unntakssøknadene er gitt i vedlegget til rapporten.

Om unntak frå konsernkontoordninga

DFØ behandla ti søknader og gav til saman tolv unntak frå konsernkontoordninga.

Noregs musikkhøgskule, Noregs idrettshøgskule og Nord universitet har fått unntak frå føresegnene punkt 3.7.3.2 for sikring av betalingsoppdrag med EU-betalningar som blir framsende på ISO2022-formatet. Nord universitet har fått to unntak, men med ulik forfallsdato.

Til Høgskulen i Volda og Nord universitet blei det gitt unntak frå krav i føresegnene punkt 3.7.1 om bruk av kontantkort ved utbetaling til utanlandske studentar.

Nord universitet har òg fått unntak frå føresegnene punkt 3.7.3.2 frå å bruke økonomisystemet til å produsere og overføre betalingsoppdrag til banken.

Statens lånekasse for utdanning har fått unntak frå føresegnene punkt 3.7.3.2, slik at Lånekassen kan utføre online remitteringar ved utbetalningar til kontantkortkontoane.

Garantiinstituttet for eksportkreditt (GIEK) fekk to unntak. Det er frå punkta 3.7.3.2, 3.7.3.3 og 4.3.3 i føresegnene. Unntaka gir GIEK høve på visse vilkår til å bruke reserveløysing for utbetaling av midlar frå arbeidskonto og valutakontoar til mottakar ved utanlandsbetalningar og ved utbetalningar som stiller krav til betalingsinstruksjonar som per i dag ikkje er støtta av økonomisystemet til GIEK.

Eksportkreditt Noreg AS har fått nytt unntak frå konsernkontoordninga for å kunne halde fram med å bruke valutakontoane sine.

Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) har fått unntak frå føresegnene punkt 3.7.1 for å kunne ha valutakonto i danske kroner. Dette er fordi DFØ er sekretariat for ei nordisk utvekslingsordning i regi av Nordisk ministerråd i Danmark, ei oppgåve som inneber å fordele stipendmidlar til dei andre nordiske landa.

Unntak frå standard kontoplan for statlege verksemder

Vi fekk inn tre søknader knytte til standard kontoplan. Søknadene gjeld forholdet mellom løyvingsvedtaket i statsbudsjettet og bruk av kontogruppene 82–87 (Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten og Tilskotsforvaltning og overføringar frå staten i standard kontoplan for statlege verksemder). DFØ har forlenget eitt unntak, i eitt av tilfella har vi ikkje nok grunnlag for å gjere ei vurdering, og i eitt tilfelle har vi vurdert at det ikkje er behov for unntak.

Nærings- og fiskeridepartementet søkte for Patentstyret om forlenging av unntaket som blei gitt for rekneskapsåra 2018 til 2020 om Patentstyrets sektoravgifter (post 71 om avgifter immaterielle rettar). DFØ innvilga unntaket for Patentstyret også for rekneskapsåret 2021. Unntaket inneber at Patentstyret kan bokføre sektoravgifta i kontogruppe 3 (sals- og driftsinntekt), i staden for på konto 842 (avgift). Patentstyret kan òg presentere sektoravgifta som driftsinntekt i staden for som innbetalt avgift under innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten i oppstilling av artskontorapporteringa, jf. føresegnene punkt 3.4.3.3 og rundskriv R-115. Den beskrivinga Patentstyret gav av utgiftene sine og korleis desse blir dekte, talte, slik DFØ såg det, for at sektoravgifta reelt sett er delbetaling for ei teneste som

er ytt. For å vareta formålet med oppstilling av artskontorrapporteringa bør sektoravgifta derfor presenterast som ei driftsinntekt i oppstilling av artskontorrapporteringa.

Vi fekk to søknader om unntak som gjeld bruk av kontogruppe 87 (om tilskot og stønader frå staten til andre), der utgifta er løyvd på ein statskonto for statens egne driftsutgifter (post 01–29) i samsvar med statens kontoplan for statsbudsjettet og statsrekneskapan (rundskriv R-101). Søknadene om unntak for å kunne bokføre utgifter i kontogruppe 87 var frå Barne- og familiedepartementet på vegner av fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker og gjaldt kostnader etter reglane om fri rettshjelp, og frå Kulturdepartementet på vegner av Lotteri- og stiftelsestilsynet og gjaldt utgifter som blir løyvde og rapporterte på kapittel 339 om pengespel, lotteri og stiftingar, post 21 spesielle driftsutgifter.

Hovudregelen etter standard kontoplan er at utgiftsløyvingar gitt på post 50–85 (overføringar til andre) skal bokførast i kontogruppe 85 (overføringar til andre statlege rekneskapar) og kontogruppe 87 (tilskot og stønader frå staten til andre), og at utgiftsløyvingar gitt på post 01–29 statens egne driftsutgifter skal bokførast som driftskostnader i kontoklasse 4–7 i standard kontoplan. Dersom verksemda unntaksvi har fått løyvd midlar til tilskotsforvalting på post 01–29, skal dette likevel òg bokførast i kontogruppe 85 og 87 og skal då koplast til post 01–29 ved rapportering til statsrekneskapan. Av dette følgjer at dersom den økonomiske realiteten er at utgifta er tilskot og stønader frå staten til andre, skal utgifta bokførast i kontogruppe 85 og 87, sjølv om midlane er løyvde som statens egne driftsutgifter på post 01–29. Dette er omtalt i rettleiingsnotata til standard kontoplan.

For unntakssøknaden som gjaldt fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker, var det ut frå informasjonen som var lagd fram, uklart om det var behov for at verksemda søkte om unntak knytt til bokføringa. DFØ svarte at vi ikkje kan ta stilling til om det er behov for unntak frå standard kontoplan, før det er gjort ei grundigare vurdering av dei nemnde utgiftene.

For unntakssøknaden som gjaldt Lotteri- og stiftelsestilsynet, forstår DFØ det slik at verksemda meiner at den delen av kapittel 339 post 21 som det er søkt om unntak for, er utdeling av tilskotsmidlar. DFØ konkluderte derfor med at det ikkje var behov for unntak frå standard kontoplan i dette tilfellet.

DFØ har i begge unntakssøknadene svart at dersom verksemda kjem til at dette er midlar til tilskotsforvalting, bør desse i framtida løyvast på post 50–89 i samsvar med rundskriv R-101. Det synest uheldig at noko som etter økonomisk realitet er tilskot frå staten til andre, budsjettmessig og i statsrekneskapan er behandla som statens egne driftsutgifter.

Unntak frå dei statlege rekneskapsstandardane (SRS)

DFØ har i 2020 behandla tre unntakssøknader knytte til dei statlege rekneskapsstandardane (SRS). Av desse blei ein unntakssøknad frå Justis- og beredskapsdepartementet om politiet trekt før søknaden var ferdig behandla i DFØ. Grunnen var at politiet etter ein nærmare dialog med DFØ fann at det ikkje var behov for unntak frå SRS. I eitt tilfelle av slo DFØ søknaden, og i det andre tilfellet fann DFØ at det var behov for unntak.

Barne- og familiedepartementet (BFD) søkte på vegner av Forvaltingsorganet for Opplysningsvesenets fond (FOvf) om unntak frå å følgje dei statlege rekneskapsstandardane for rekneskapsåret 2019 til organiseringa av verksemda er avklart. BFD skriv at FOvf også etter 2016, då det blei obligatorisk å føre rekneskapa etter SRS, har brukt eit modifisert kontantprinsipp. FOvf er eit forvaltingsorgan med særskilde fullmakter til bruttoføring utanfor statsbudsjettet (nettobudsjettert verksemd) som etter føresegnene punkt 3.3.2 andre ledd skal føre rekneskapa etter periodiseringsprinsippet i samsvar med SRS. Ved vurdering av søknaden la DFØ vekt på at det ikkje er noko ved eigenarten til verksemda som tilseier at ein verksemdsrekneskap etter SRS ikkje passar for FOvf, og at formålet med standardisering er å gjere SRS obligatorisk for alle verksemdar som tidlegare førte periodisert rekneskap. DFØ avslo derfor søknaden.

Forsvarsdepartementet søkte på vegner av Forsvarsmateriell (FMA) og Forsvaret om unntak frå dei statlege rekneskapsstandardane knytte til krav til korrigeringar av rekneskapa etter SRS. Forsvarsdepartementet skriv at FMA i perioden 2016 til og med 2019 ikkje har lagt til arbeidstimar knytte til innkjøpt materiell, slik SRS 12 (beholdning av varer og driftsmateriell) beskriv. Materiellet blir overført vederlagsfritt til Forsvaret og ført som eit anleggsmiddel i Forsvarets rekneskap. Konsekvensen er at FMA i perioden 2016 til 2019 har kostnadsført for høge lønnskostnader, mens Forsvaret vil ha for låge balanseførte verdiar på anleggsmidla ved overføring frå FMA og inntil anleggsmidla er ferdig avskrivne, og derfor for låge avskrivingskostnader i same perioden. Forsvarsdepartementet oppgir at dette i hovudsak kjem av manglande høve til å registrere arbeidstimar og erfaringsgrunnlag i FMA.

For FMA gjaldt søknaden unntak frå SRS 3 (prinsippending, estimatending og korrigering av feil) for rekneskapsåra 2016–2018 og SRS 12 (Beholdning av varer og driftsmateriell) i form av arbeidstimar for rekneskapsåret 2019. For Forsvaret gjaldt unntakssøknaden unntak frå SRS 3 (prinsippending, estimatending og korrigering av feil) for rekneskapsåra 2016–2018 og SRS 17 (Anleggsmidler) i form av arbeidstimar for Forsvaret for rekneskapsåret 2019.

DFØ meinte at sidan Forsvaret ikkje vil ha annan dokumentasjon knytt til verdiar på overførte anleggsmiddel enn det dei får oppgitt av FMA, er det naturleg at Forsvaret legg desse verdiane til grunn i rekneskapa. Det var såleis ikkje behov for å gi Forsvaret unntak knytt til dette. Forsvaret må likevel forklare konsekvensar for balanse- og kostnadsinformasjonen i noten til rekneskapa.

Ved vurdering av søknaden for FMA legg DFØ vekt på opplysningane om at det ikkje eksisterer timeregistrering for alle gjennomførte investeringsprosjekt i perioden frå SRS blei teke i bruk, og at det vil vere tilnærma umogleg å utføre slik timeregistrering i ettertid. DFØ innvilga unntakssøknaden frå FMA for rekneskapsåret 2019. Eit vilkår for unntaket er at FMA må opplyse om unntaka og konsekvensane av dei i notar til rekneskapa. Vidare er det eit vilkår for unntaket at Forsvaret må opplyse om konsekvensar av for låge balanseførte verdiar på anleggsmiddel overførte frå FMA i notar til rekneskapa så lenge denne informasjonen har vesentleg verdi for rekneskapslesaren.

Mellombels unntak frå krav om transaksjonskontrollar som følgje av koronaviruset
Skatteetaten fekk 1. april 2020 eit mellombels unntak frå føresegnene punkt 5.3.5.2 første

ledd bokstav c. Unntaket gjaldt til 31.08.2020. Bakgrunnen for søknaden var situasjonen med koronasmitte og at skatteetaten i den sammenhengen hadde stengt kontorlokala sine.

Skatteetaten opplyste at dei opplevde eit aukande påtrykk frå leverandørane sine etter at dei blei orienterte om at skattekontora var stengde. Hos nokre leverandørar hadde etaten bestilt varer for store beløp. Enkelte leverandørar opererer med underleverandørar som dei har bestilt og motteke produkt og materiale frå for å oppfylle bestillingane og avtalane med skatteetaten. Dette inneber mellom anna at leverandørane hadde pådrege seg ei betalingsplikt overfor underleverandørane sine. For nokre kunne dette medføre at dei fekk likviditetsproblem dersom dei ikkje hadde høve til å levere dei varene/tenestene skatteetaten har bestilt.

Det mellombelse unntaket var at faktura kan attesterast utan at kontroll av varemottak er utført på førehand. Unntaket blei gitt for situasjonar der leverandøren kan levere det som er bestilt, men der skatteetaten ikkje har høve til å ta imot varene fordi staten ikkje har medarbeidarar på plass til å ta imot vareleveransar eller bestilte tenester frå leverandørar.

4 Førespurnader og tolkingsuttalar

Forvaltings- og analyseavdelinga (FOA) har i 2020 svart på førespurnader frå departement og statlege verksemder om korleis økonomiregelverket skal tolkast og forståast. I dette kapitlet gir vi ei oversikt over omfanget og kva typar saker vi har behandla på dei ulike fagområda i regelverket. Deretter går vi gjennom nokre tolkingsuttalar og andre viktige uttalar frå 2020.

4.1 Om førespurnader behandla i 2020

Nedanfor følgjer statistikk og omtale av nokre førespurnader frå statlege verksemder som FOA (som ansvarleg avdeling for regelverksforvaltning) har svart på.

Tabell 2 er ei oversikt over talet på førespurnader som FOA har svart på i perioden 2016 til 2020. Førespurnadene er kategoriserte etter kva tema og kapittel i føresegnene dei sorterer under. Statistikken i 2020 er basert på førespurnader som det er svart på gjennom CRM-systemet SuperOffice.

Tabell 2: Førespurnader som det er svart på innanfor regelverksforvaltning dei fem siste åra

Tema og tilhøyrse i kapittel i føresegnene	2020	2019	2018	2017	2016
Styring, inklusive transaksjonskontrollar (kap. 1–2)	128	75	80	124	24
Felles standardar og prinsipp (kap. 3)	127	85	119	246	231
Bokføring, dokumentasjon, oppbevaring (kap. 4)	43	31	43	30	26
Lønn, anskaffingar og inntekt (kap. 5)	4	9	7	7	21
Tilskot, stønader og garantiar (kap. 6–8)	40	37	41	33	16
Anna	2	28	11	34	11
Førespurnader i alt	344	245	301	474	329

Tabellen viser at vi i 2020 behandla fleire førespurnader enn året før. På styringsområdet (kapittel 1 og 2) kjem dette mellom anna av at det var ein del spørsmål knytt til koronaviruspandemien, og at vi fekk fleire spørsmål om etatsstyring (sjå nedanfor). Når det gjeld førespurnader om kapittel 3 og 4, kjem auken mellom anna av at vi har fått atskillig fleire førespurnader³ enn året før om dei statlege rekneskapsstandardane.

³ Auka frå 19 førespurnader i 2019 til 45 førespurnader i 2020.

Nedanfor er ein omtale av nokre av førespurnadene vi har svart på, jf. tabell 2. Desse illustrerer utfordringar verksemdene har hatt med å forstå regelverket, og der vi reknar med at problemstillingane kan vere av interesse for fleire statlege verksemder.

Styring – verksemdsstyring og etatsstyring (føresegnene kap. 1 og 2 og rundskriv R-117)

Førespurnader som gjeld verksemdsstyring og etatsstyring, spreier seg over eit vidt spekter av tema. I 2020 var det i liten grad spesielle trendar og tema som peikte seg ut.

Av dei 128 førespurnadene som blei behandla i 2020, var 67 om styringsområdet generelt, og fleire av desse var om etatsstyring. I tillegg hadde vi 40 spørsmål om rådgiving på styringsområdet. 21 førespurnader var knytte til transaksjonskontrollar (føresegnene punkt 2.5, sjå eigen omtale nedanfor).

Førespurnader om rådgiving gjeld til dømes om DFØ kan bidra aktivt i prosjekt, anten som prosjektdeltakar eller som kvalitetssikrar. I andre tilfelle vil verksemdene at vi skal bidra med sparring eller berre halde ein presentasjon av eit fagområde. Rådgiving gir oss nyttig brukarinnsikt i tillegg til at vi formidlar krava til verksemda.

Nedanfor er det gitt meir informasjon om førespurnader innanfor verksemdsstyring og etatsstyring.

Verksemdsstyring

Førespurnader innanfor verksemdsstyring var knytte til mellom anna verksemdsstrategi, mål- og resultatstyring, internkontroll/internrevisjon og bruk av økonomiske data.

DFØ har relativt nyleg utarbeidd nye nettsider og rettleiingsmateriell om verksemdsstrategi. I 2020 har vi òg hatt eit rådgivingsoppdrag hos Kystverket der vi har hjelpt dei med å utvikle ny verksemdsstrategi.

Førespurnader som er knytte til mål- og resultatstyring, er til dømes spørsmål om målstruktur og styringsinformasjon.

DFØ har fått fleire førespurnader knytte til økonomifunksjonen og bruk av økonomiske data, som økonomiinstruks, økonomiske nøkkeltal og kontoplan. Også i 2020 har det vore ei prioritert oppgåve å støtte departement og verksemder som etterspør rådgiving knytt til periodiseringsprinsippet. I rådgivinga legg vi vekt på å skape auka medvit hos verksemder og departement om kva slags styringsinformasjon dei har behov for i si styring. Vi hjelper både Kunnskapsdepartementet og Forsvarsdepartementet.

På fagområdet internrevisjon/internkontroll har vi fått spørsmål frå statlege verksemder om krava til vurdering av internrevisjon. Vi har òg fått fleire spørsmål knytte til risikostyring.

Etatsstyring

I 2020 fekk vi fleire førespurnader om etatsstyring enn tidlegare. Spørsmåla handlar om å forstå krava i regelverket og kva som er god praksis. Dei aller fleste førespurnadene til DFØ om etatsstyring handla om mål og resultatstyring i etatsstyringa, inkludert risikostyring, og vi har fått nokre førespurnader om årsrapport. Eitt spørsmål var om DFØ har døme på gode

årsrapportar, og det var spørsmål om etatsstyringsansvar for verksemder under andre departement.

Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) har sett i gang fleire initiativ innanfor etatsstyringa. Områdegjennomgangen om det næringsretta verkemiddelapparatet var bakgrunnen for ein gjennomgang av underliggjande etatar i 2020, der mellom anna den planlagde samanslåinga av Garantiinstituttet for eksportkreditt (GIEK) og Eksportkreditt Noreg blei eit resultat. DFØ har bidrege til dette arbeidet med fagleg innleiing på ein workshop om mål- og resultatstyring i sektor- og etatsstyringa, og med anna rådgiving i møte. Overfor NFD har vi òg bidrege med rådgiving knytt til mål- og resultatstyring og effektiv drift i ei underliggjande verksemd. Departementet opplevde det som nyttig at vi mellom anna gav konkrete innspel på mål og indikatorar som departementet har formulert for den underliggjande verksemda.

Våren 2020 heldt vi på førespurnad eit verksemdstilpassa etatsstyringskurs for Utanriksdepartementet.

Transaksjonskontrollar (føresegnene punkt 2.5)

Vi fekk førespurnader om rutinar i verksemdene og korleis desse skal innrettast for å oppfylle krava i føresegnene som gjeld transaksjonskontrollar. Fleire spørsmål gjaldt budsjett disponeringsmyndigheit (BDM) og delegering, og vi ser at det kan vere behov for å utvide DFØ-nettsidene om transaksjonskontrollar med meir informasjon.

Vi fekk eit spørsmål om korvidt det er mogleg å lage BDM-oversikter direkte i arkivsystemet og bruke den eksisterande elektroniske oppgåveflyten der (med godkjenning som blir arkivert) i staden for fysisk signatur. Vi svarte at delegering av BDM skal vere skriftleg, og at verksemda skal ha rutinar for dette, jf. føresegnene punkt 2.5.2.1. I føresegnene punkt 4.3.6, andre og sjette avsnitt, er det angitt krav til tryggleik ved bruk av elektronisk signatur. DFØ har ikkje gjort nokon vurderingar av kva systemløysingar som tilfredsstillar krava. Arkivsystemet vil normalt vere passordbeskytta (tilsette må logge inn for å ha tilgang) og ha endringslogg og innebygd funksjonalitet for elektronisk godkjenning. Slik sett oppfyller eit arkivsystem krava til elektronisk signatur.

Ein annan førespurnad var frå ei verksemd som spurde om attestasjonsfullmakt må delegerast skriftleg. Vi viste til at attestasjon av utgifter i føresegnene ikkje er omtalt som ein fullmaktstype (til forskjell frå BDM). Verksemdene må ha avklart og ha oversikt over kven som tek hand om attestasjonsoppgåvene, men det er ikkje behov for å ha noka særskilt delegert attestasjonsfullmakt i tillegg.

Våren 2020 utarbeidde vi eit mellombels rundskriv R-100 *Midlertidige unntak fra bestemmelser om økonomistyring i staten, for at utbetaling av lønn til statsansatte kan skje til rett tid under virusutbruddet og for at betaling til leverandører kan skje før forfall*. Dette rundskrivet gav unntak frå krav i føresegnene til transaksjonskontrollar. Vi svarte på fleire førespurnader frå verksemder om dette, mellom anna eit spørsmål om utnytting av 30 dagars kredittid ved utbetaling til private bedrifter. Unntaket i R-100 gjaldt i første omgang til og med 31.08.2020, og spørsmålet var om det betydde at verksemda for alle fakturaer med fakturadato 31.08.2020 eller før kunne framskunde utbetaling. Vi viste til at det i rundskriv R-100 punkt 2.2 er tidspunktet då transaksjonskontrollane er gjennomførte, som

er vektlagt. Dersom kontrollane er gjennomførte, kan fakturaen utbetalast sjølv om forfallsdatoen ikkje er nådd. Det er ikkje fakturadatoen som er avgjerande her, heller ikkje i ei vurdering av kor lenge unntaket i rundskrivet skal vare.

Standard kontoplan for statlege verksemder (føresegnene punkt 3.3.3 og rundskriv R-102)

Som året før var det i 2020 stor variasjon i tema knytte til standard kontoplan for statlege verksemder. Spørsmåla gjekk på alt frå val av konto for utleige av fast eigedom og val av konto for tilbakebetaling av tilskot frå ei anna statleg verksemd til avklaringar knytte til reiseutgifter og avklaringar som gjaldt kontogruppe 67 (kjøp av konsulenttenester og andre framande tenester). Totalt har DFØ fått noko fleire førespurnader om standard kontoplan enn vi fekk året før.

Vi har fått nokre førespurnader som handlar om ulike problemstillingar ved reiseutgifter og rettleiingsnotatet til standard kontoplan for statlege verksemder. Den eine førespurnaden dreier seg om reiseutgifter til eksterne som deltek i styre og juryar, og som får honorar knytte til oppgåva dei utfører i verksemda. Verksemda har vist til rettleiingsnotat frå DFØ der det under kontogruppe 71 (kostnad og godtgjersle for reiser, diett, bil o.l.) står at her kostnadsfører ein billettar og ulike reisegodtgjersler til eigne tilsette. I siste avsnitt i kontogruppe 71 går det fram at utgifter til honorar som inneheld dekning for reiseutgifter i samsvar med statens reiseregulativ, kan førast på konto 533-534 honorar. Desse deltakarane kan ikkje definerast som eigne tilsette, og verksemda ønskte ei avklaring om kva konto som er tenleg å bruke i dette tilfellet. Kontogruppe 71 er ikkje avgrensa til reiseutgifter for eigne tilsette. Dersom ei statleg verksemd er ansvarleg for å lønnsmelde utgifter til reise for innleigde eksterne, skal reiseutgiftene òg førast i kontogruppe 71.

Ei anna verksemd viser òg til rettleiingsnotatet til standard kontoplan og spør om det er ulik praksis for kvar reiseutgifter skal førast, ut frå om reisa skal fakturerast verksemda direkte eller refunderast den tilsette. Tilvisinga til standard kontoplan som verksemda nemner, gjeld kompetanseheving for tilsette og ikkje reiseutgifter generelt. I dei tilfella der reiseutgiftene blir fakturerte direkte til verksemda og ikkje er knytte til kurs og seminar der formålet er kompetanseheving for tilsette, skal reiseutgiftene førast i kontogruppe 71.

DFØ har òg fått spørsmål om kva som er rett bruk av konto ved utleige av fast eigedom, og om det skal brukast ei anna kontogruppe enn kontogruppe 36 leigeinntekt og anna driftsinntekt når leigeinntektene er fritekne frå avgiftsplikt. Slik kontoplanen er bygd opp, skal alle leigeinntekter førast i kontogruppe 36. Verksemda kan skilje mellom leigeinntekt som er friteken frå avgiftsplikt, og leigeinntekter som ikkje er avgiftspliktige på 4-siffernivå.

Fleire av førespurnadene tek vi med oss vidare i arbeidet med den årlege oppdateringa av standard kontoplan og i oppdatering av tilhøyrande rettleiingsnotat når desse er relevante for fleire verksemder.

Årsrekneskap (føresegnene punkt 3.4 og rundskriv R-115)

Førespurnader knytte til årsrekneskap er av praktisk karakter og gjeld rapporteringsmalen som blir publisert på heimesidene til DFØ. DFØ fekk i 2020 fleire førespurnader om tilleggsinformasjonen som skal fyllast ut om leigeavtalar i note 5, om andre driftskostnader,

av statlege verksemder som fører rekneskapen etter periodiseringsprinsippet i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS). Då SRS 13 om leigeavtalar blei oppdatert i desember 2018, blei det presisert at leigetakaren skal gi tilleggsopplysningar om samla leigebetaling i rekneskapsåret for sine operasjonelle leigeavtalar og kor lenge leigeavtalane varer. For enkelte verksemder var det krevjande å identifisere kostnadsført leigebetaling i rekneskapen for enkelte leigeavtalar. Som ei praktisk tilnærming til dette informerte vi om at verksemda ved utfylling av tilleggsopplysningane i noten kan ta utgangspunkt i årleg leigebeløp. Vi presiserte i svar til verksemdene at dei må sjå til at totalbeløp for dei ulike eignedelane stemmer med tilsvarande kostnadsført leigebeløp øvst i noten, og også at mindre differansar mellom beløp i leigeavtalen og i bokførte beløp kan presenterast samla i den gruppa eignedelar som er mest aktuell for verksemda. DFØ fekk òg spørsmål som dreidde seg om varigheita til leigeavtalar som automatisk blir fornya kvart år, men som varer i eitt år. Ved slike avtalar er det slik at forpliktinga på avtalen berre er på eitt år, og dermed skal leigeavtalen gå fram under «Varigheit inntil 1 år».

DFØ har òg fått ein førespurnad frå eit departement om presentasjon av aksjar i note 8 del B spesifisering av aksjar og selskapsandelar. Spørsmålet var om både departement og underliggjande verksemd skulle presentere aksjepostar som blir forvalta av underliggjande verksemd, i noten. I kapitalarket som blir rapportert til statsrekneskapen, skal kapitalpostar for departementet og underliggjande verksemder inngå. I årsrekneskapen til departementet er det berre aksjepostar som departementet forvaltar, som skal komme fram. Verksemda som forvaltar aksjane, skal presentere desse i årsrekneskapen sin og bokføre verdien i kontospesifikasjonen.

Utover dette har vi òg førespurnader som går på opplysning om presentsatsen for pensjonspremie i note 2 om lønnskostnader, og kvar verksemda finn presentsatsen som skal presenterast i noten. Presentsatsen som skal presenterast i noten, skal gå fram av faktura frå Statens pensjonskasse (SPK).

Fleire av førespurnadene tek vi med oss vidare i rettleiingsmateriellet til utarbeiding av årsrekneskap og i aktuelle forum med brukarane våre.

Årsrekneskap for kontantrapporterande verksemder

Riksrevisjonen har stilt spørsmål om forståinga av dei grunnleggjande prinsippa for utarbeiding av årsrekneskapen for kontantrapporterande verksemder i føresegnene punkt 3.4.2. Særleg er det samspelet mellom fullstendigheitsprinsippet og kontantprinsippet dei har hatt spørsmål til.

Vi har svart at anna regulering i føresegnene inneber at fullstendigheitsprinsippet ved utarbeiding av rekneskapsoppstillingane i årsrekneskapen ikkje kan bety meir enn at det som er rapportert til statsrekneskapen, skal gå fram av rekneskapsoppstillingane i årsrekneskapen. Dersom dette inneber at årsrekneskapen ikkje gir eit dekkjande bilete, slik at årsrekneskapen ikkje er eigna til å oppfylle dei formåla han skal etter reglementet § 12 og føresegnene punkt 3.3.2 første avsnitt, skal det givast tilleggsinformasjon.

Statlege rekneskapsstandardar (føresegnene punkt 3.4.2 og rundskriv R-114)

Mange av spørsmåla om dei statlege rekneskapsstandardane (SRS) er knytte til eigenarten til verksemda.

Fleire av førespurnadene i 2020 dreidde seg om klassifisering og verdsetjing av immaterielle egedelar og varige driftsmiddel. Fleire av spørsmåla handla om vurderingar i samband med balanseføring av immaterielle egedelar i form av programvare. Eitt spørsmål var særleg knytt til opningsbalansen og balanseføring av eigenutvikla programvare. Som følge av dette blei forenklingar i standardane gjorde gjeldande frå rekneskapsåret 2021. Dette er nærmare omtalt i kapittel 5 om forenklingar i dei statlege rekneskapsstandardane.

Ettersom fleire verksemder vel å ta i bruk SRS, har det komme fleire spørsmål om opningsbalansen. Mellom anna har vi fått spørsmål om kva som skal til for å oppfylle kravet i SRS om kartlegging av egedelar som verksemda disponerer. For verksemder som går over til å føre rekneskapen etter periodiseringsprinsippet i samsvar med SRS, vil ei fysisk teljing av egedelane vere nødvendig. Eksisterande rekneskapsinformasjon kan brukast til støtte for den fysiske teljinga. Formålet med kartlegging og opteljing er å få oversikt over alle egedelar og all gjeld som verksemda har. Teljelistene som verksemda bruker, skal kunne tene som dokumentasjon på seinare vurderingar, avgrensingar og disponeringar. Det er viktig at verksemda allereie i kartleggingsfasen legg til rette for god sporbarheit, frå kartlegging og listeføring via vurderingar og verdsetjing til endeleg opningsbalanse. Dette av omsyn til etterfølgjande gjennomgang og revisjon.

Etter SRS 1 skal opningsbalansen vere basert på påliteleg informasjon, vere fullstendig og vere tilstrekkeleg dokumentert. Vi har fått spørsmål om kva som skal til for at ei verksemd skal oppfylle dette punktet i standarden. Verksemda skal utarbeide eit dokumentasjonsnotat som for alle egedelar og all gjeld viser kva vurderingar som er lagde til grunn ved klassifisering og verdsetjing, og sentrale val verksemda har gjort, jf. SRS 1. I dokumentasjonsnotatet må verksemda beskrive kva ho har gjort for å sikre at opplysningane er fullstendige og pålitelege.

Ifølgje SRS 1 skal opningsbalansen godkjennast av overordna departement i form av ei godkjenningserklæring eller anna eigna dokument. For eit departement som skal gå over til å føre rekneskapen etter SRS, har vi svart at opningsbalansen skal leggjast fram og godkjennast for verksemdsrekneskapen til departementet ved at departementsråden signerer dokumentet.

Vi har òg svart på spørsmål knytte til samanslåing av verksemder og korleis dette skal behandlast i balansen etter SRS. Samanslåing av statlege verksemder skal rekneskapsførast til kontinuitet når verksemdene etter samanslåing framleis er ein del av same juridiske eining (statsforvalting) og rekneskapsprinsipp ikkje er endra i samband med samanslåinga. I denne saka blei delar av ei verksemd som tidlegare førte rekneskapen etter kontantprinsippet, overførte til ei anna verksemd som fører rekneskapen etter SRS. Verksemda som tek over delar av ei anna verksemd, må utarbeide ein oppdatert balanse på det tidspunktet der delar av den andre verksemda blir ein del av verksemda som fører rekneskapen sin etter SRS, der heile balansen for den nye verksemda inngår. Vi har svart at i arbeidet med å kartleggje og verdsetje dei nye balansepostane som skal inn i balansen, skal

verksemnda bruke dei same prinsippa som gjeld ved utarbeiding av opningsbalanse etter SRS.

Av førespurnader vi har fått i samband med verdsetjing og klassifisering av eigedelar, har vi mellom anna svart på spørsmål om balanseføring av anleggsmiddel som er mottekne i gåve. Verksemnda må avklare med sitt departement om dei har høve til å ta imot gåver, jf. [Veileder i statlig budsjettarbeid punkt 4.2.2.1](#). Det må òg klargjerast om det vil vere forplikningar og framtidige kostnader knytte til gåva. Gåver som er gitt i form av likvide midlar (og som verksemnda har høve til å ta imot), skal balanseførast og inntektsførast etter kvart som dei blir forbrukte i verksemnda. Når det gjeld kunstverk og museumsgjenstandar som er gitt som gåve, kan balanseføring unnlatast med den grunngeving at eigedelane kan vere vanskelege å verdsetje. Når ei verksemd får ei gåve i form av ein eigedel til bruk i verksemnda, bør ho balanseførast som anleggsmiddel dersom krava til balanseføring er oppfylte.

Vi har fått spørsmål om vedlikehald av anleggsregister og vurderingar knytte til anleggsmiddel som er avskrivne til null. Dersom eit driftsmiddel er fullt ut avskrive og framleis er i bruk, skal driftsmiddelet framleis vere balanseført med anskaffingskost og akkumulerte avskrivningar. Utrangerte og kasserte driftsmiddel skal førast ut av balansen, jf. [Instruks for utrangering, kassasjon og avhending av materiell og fast eiendom som tilhører staten](#).

Eit anna spørsmål vi fekk i 2020, handla om rekneskapsføring av pensjon og forskjellen mellom berekna og betalt pensjonspremie til SPK. Hovudregelen er at fakturaen frå SPK er fasiten for både lønnsutgifter som er rapporterte til statsrekneskapan, og lønnskostnadene i verksemdsrekneskapan etter SRS. For verksemder som fører rekneskapan etter SRS, skal rekneskapan vise kostnadene i perioden. Dersom det er eit vesentleg avvik mellom dei estimerte pensjonskostnadene til verksemnda og fakturaen frå SPK, bør verksemnda gjere ei avsetjing i rekneskapan for dette. Det skal ikkje avsetjast for mindre differansar.

Basert på mottekne førespurnader er SRS 1 om presentasjon av verksemdsrekneskapan og SRS 17 om anleggsmiddel oppdaterte i desember 2020. Dette er nærmare omtalt i kapittel 5 om forenklingar i dei statlege rekneskapsstandardane. DFØ jobbar kontinuerleg med å forbetre rettleiingsmateriellet knytt til dei statlege rekneskapsstandardane.

Mellomvære med statskassen (føresegnene punkt 3.4.2 og rundskriv R-101)

DFØ har fått spørsmål og hatt kontakt med fleire statlege verksemder om endringane som blei gjorde i regelverket i 2020⁴ når det gjeld kva som skal inngå som ein del av mellomvære. Også i år er det komme spørsmål om mottekne forskotsbetalingar knytte til prosjekt eller andre tidsavgrensa oppgåver. Motteken forskotsbetaling skal frå 2020 inngå som ein del av mellomvære med statskassen og inntektsførast i same periode som midlane blir utgiftsførte. Tidlegare skulle dette inntektsførast etter kontantprinsippet ved mottak av midlar. Effekten av denne endringa vil for mange av dei aktuelle verksemdene vere at inntektsførte midlar i 2020 vil bli reduserte noko samanlikna med tidlegare år. DFØ vurderer dette som ei

⁴ Med verknad frå 1.1.2020 blei det fastsett endringar i føresegnene punkt 3.4.2 og rundskriv R-101.

prinsippending, og utfordringa har i dette tilfellet vore at det ikkje ligg føre konkrete føringar i føresegnene eller rundskriv for korleis prinsippendingar skal behandlast i rekneskapen etter kontantprinsippet. Vi vil sjå nærmare på desse problemstillingane.

Vidare har DFØ fått spørsmål knytte til uplasserte innbetalingar og val av artskonto. Det blei konkludert med at denne typen forhold ikkje er omfatta av rundskriv R-101, og at det derfor var behov for eit romartalsvedtak som omtaler det aktuelle forholdet.

DFØ har òg fått spørsmål om korvidt forskotsbetalte dagpengar skal inngå som ein del av mellomvære, og her var konklusjonen at dette skal rapporterast som ei utgift på tidspunktet då utbetalinga skjer, jf. kontantprinsippet.

DFØ har fått førespurnad frå rekneskapsdivisjonen i DFØ om verksemder som har eigne betalingsterminalar. I dei tilfella kundane betaler med kort, kan det ta nokre dagar frå korttransaksjonen er gjennomført, til pengane blir innbetalte på bankkontoen til verksemda. Praxis i dag er at verksemdene bokfører kasseoppgjera fortløpande, og at fordringa på kortselskapet blir ført opp i kontogruppe 15 kortsiktige fordringar. Når innbetalinga kjem frå kortselskapet, blir dette ført mot fordringa. DFØ vil kartleggje omfanget og komme tilbake til om dette òg skal inngå som ein del av mellomvære med statskassen, jf. rundskriv R-101.

Nettoføring av innbetalingar (føresegnene punkt 3.4.2 og rundskriv R-101)

Vi har fått ein del førespurnader om den nye reguleringa om nettoføring av innbetalingar knytte til tilbakebetaling av utlegg og utgiftsdeling i føresegnene gjeldande frå 1.1.2021. Førespurnadene har mellom anna handla om korleis det i praksis skal trekkjast eit skilje mellom eit sal og ei utgiftsdeling, om tilskot frå ei anna statleg verksemd skal sjåast på som utgiftsdeling, og om nettoføring på kapittel og post òg inneber nettoføring på artskonto. Vi har brukt førespurnadene til å utarbeide ei rettleiing som blei publisert på heimesida vår i november, og som grunnlag for ny tekst i rundskriv R-101.

Vi har òg fått fleire førespurnader som handlar om forskotsutbetalingar. Spørsmåla har mellom anna gått på om situasjonen verksemdene står oppe i, har medført forskotsutbetalingar i strid med regelverket. Basert på desse spørsmåla vil vi vurdere om det er behov for å supplere rettleiinga vår og tolkinga vår om temaet, eventuelt òg om reguleringa i føresegnene bør endrast.

Nettoføringsordninga (rundskriv R-116)

Også dette året var det spørsmål om byggjekostnader og nettoføringsordninga. Ei verksemd (innanfor nettoføringsordninga) opplyste at ho er tildelt ei belastingsfullmakt frå ei anna verksemd som er innanfor nettoføringsordninga, sjå rundskriv R-116 punkt 4.3.2 om belastingsfullmakter. I tillegg til belastingsfullmakta er verksemda tildelt midlar til eit prosjekt over statsbudsjettet på ein post som er innanfor det ordinære meirverdiavgiftssystemet. Posten gjeld utstyr til bygget. Kostnadene denne førespurnaden handlar om, gjeld arbeid med å bygge/oppgradere eit bygg og å gjere det klart til å takast i bruk av leigetakarane. Ifølgje rundskriv R-116 punkt 4.2.2 kan ikkje betalt meirverdiavgift førast på felleskapittel 1633 når kostnadene gjeld anskaffingar eller påkostingar til eit bygg.

Verksemda har ein innleigd prosjektleiar, og kostnadene med denne skal dekkjast av belastingsfullmakta. Spørsmålet frå verksemda var om kostnadene som prosjektleiaren

genererer, er innanfor nettoføringsordninga. DFØ får opplyst at prosjektleiaren arbeider med å definere brukarane (andre offentlege etatar) sine behov. Vi forstår det slik at desse kostnadene er anskaffingar til og utbetring av bygget og dermed utanfor nettoføringsordninga, jf. rundskriv R-116 punkt 4.2.2. Kostnader til innleigd konsulent er ein del av byggjekostnadene og er derfor også utanfor nettoføringsordninga.

Vi har hatt kontakt med skatteetaten (som forvaltar meirverdiavgiftslova) for å avklare spørsmål der det er ei grenseflate mellom nettoføringsordninga og meirverdiavgiftssystemet. Eit døme er ein førespurnad frå Utanriksdepartementet der dei spør om kostnader knytte til tilsette som flyttar som følgje av flytteplikta i tenesta, er innanfor eller utanfor nettoføringsordninga. Skattekontoret vurderte det slik at arbeidsgivardekning av flyttekostnadene etter meirverdiavgiftslova må sjåast på som naturalavlønning. DFØ legg skattekontorets tolking til grunn, noko som betyr at flyttekostnader i samband med pålagd flytting grunna endra arbeidsstad fell utanfor nettoføringsordninga.

Eit anna spørsmål der vi hadde kontakt med skattekontoret, var frå Politiets fellestenester og gjaldt bilberging. Ut frå tilbakemelding frå skattekontoret konkluderte vi med at kostnader knytte til berging av verksemda sine egne personbilar er utanfor nettoføringsordninga, jf. rundskriv R-116 punkt 4.2.3. Dersom verksemda bergar ein personbil som er eigd av andre, eller ein varebil klasse 2, gjeld ikkje avgrensingane i frådragsretten for inngåande meirverdiavgift etter meirverdiavgiftslova kapittel 8, og følgjeleg heller ikkje unntaka frå nettoføringsordninga etter rundskriv R-116 punkt 4.2.3.

Ut frå spørsmåla vi får frå statlege verksemder, og som vi har svart på, ser vi at det er behov for å oppdatere rettleiingsnotatet vårt om nettoføringsordninga.

Oppbevaring av rekneskapsinformasjon (føresegnene punkt 4.4.9 og 4.4.10)

Til liks med tidlegare år har vi fått spørsmål om krav til oppbevaring av rekneskapsinformasjon, kor lenge ulike typar informasjon skal oppbevarast, og om informasjonen kan oppbevarast i elektronisk form.

Eit spørsmål gjaldt om taxikvitteringar må oppbevarast, eller om det er tilstrekkeleg å oppbevare faktura frå taxiselskapet der reisene er dokumenterte. Dei tilsette i verksemda bruker eit felles taxikort til å betale med, og dei leverer taxikvitteringane til avdelinga si som dokumentasjon på at taxireisa er gjennomført. Taxiselskapet sender i etterkant ein faktura med detaljert oversikt over kva reiser som er gjorde. I svaret blei det lagt til grunn at taxikortet som er brukt, er eit faktureringskort, jf. rundskriv R-105 punkt 1.1.

Det er reglar for oppbevaring av kvitteringar både i bokføringsforskrifta (§ 5-5-1) og i føresegnene (punkt 4.2 og 4.4.5). Begge regelverka opnar for at originalt rekneskapsmateriale kan skannast og oppbevarast digitalt. Kvitteringa må oppbevarast til det er teke sikkerheitskopi av det elektroniske rekneskapsmaterialet, jf. bokføringsforskrifta kapittel 7 §§ 7-1 og 7-2 og føresegnene punkt 4.4.9.1 og 4.4.9.3. Ut frå dei ovannemnde krava i bokføringsforskrifta og økonomiregelverket må verksemda ta vare på taxikvitteringane, men regelverket opnar for at dei kan skannast for vidare oppbevaring. Oppbevaringstida er ti år, jf. føresegnene punkt 4.4.10.2.

Tilskot (føresegnene punkt 6)

DFØ får jamleg førespurnader om tilskot. Førespurnadene omfattar eit breitt spekter av tema, men var i 2020 prega av spørsmål relaterte til koronaviruspandemien.

Det kom fleire spørsmål om kva som skjer med tilskot dersom aktiviteten hos tilskotsmottakaren blir endra eller avlyst, og om mottakaren kan bruke tilskotet på noko anna enn det som er vedteke. Dei mest aktuelle spørsmåla med svar blei lagde ut på DFØ-nettsidene for koronaviruset.

Vidare fekk vi fleire spørsmål knytte til mellom anna endring av tilskotsmottakar og kva element i eit tilskotsregelverk som må forskriftsfestast. Spørsmåla er ofte i skjeringspunktet mellom økonomiregelverket og forvaltingslova. DFØ samarbeider ofte med lovavdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet om desse spørsmåla.

4.2 Tolkingsuttalar og andre viktige uttalar

Førespurnader vi svarer på, medfører ofte ei vurdering av korleis økonomiregelverket skal forståast, og nokre av desse førespurnadene vil bli publiserte som tolkingsuttalar på dfo.no. Nedanfor er nokre førespurnader vi svarte på i 2020 som kan gi grunnlag for nye tolkingsuttalar.

Førespurnad 1 – om delegering av budsjettfullmakt

Problemstillinga var at Barne- og familiedepartementet (BFD) årleg gir Statens sivilrettslege forvalting (SRF) fullmakt til å belaste kap. 854, post 22 for å vareta sekretariatsfunksjonen for Barnesakkunnig kommisjon. Justis- og beredskapsdepartementet (JD) er etatsstyrande departement for SRF og formidlar driftsløyving til SRF i årlege tildelingsbrev. BFD har tidlegare sendt eige tildelingsbrev til SRF, men både BFD og JD ønskjer no at budsjettmidlane til SRF frå BFDs budsjettpost skal formidlast i tildelingsbrevet frå JD.

Ifølgje føresegnene punkt 1.5 skal det departementet som har det overordna administrative ansvaret for ei verksemd, samordne styringssignala når verksemda får løyvingar frå fleire departement. Dei andre departementa skal då sende over nødvendig informasjon om løyvingane til dette departementet. Det vil dermed vere i tråd med føresegnene at JD i dette tilfellet samordnar styringssignala og gir informasjon om løyvingane til SRF.

Rundskriv R-111 beskriv ulike måtar løyvingane kan stillast til disposisjon for verksemder på. Uttrykket «delegering av budsjettfullmakt» beskriv delegeringa som skjer frå eit departement direkte til underliggjande verksemder, både egne og verksemder under andre departement. Departementa har fått sine budsjettfullmakter frå Stortinget. «Belastingsfullmakt» beskriv det forholdet at ei underliggjande verksemd gir ei anna underliggjande verksemd (begge må vere bruttobudsjetterte) fullmakt til å belaste ein statskonto dei sjølve har fått delegert budsjettfullmakt til å belaste.

Betaling er ein tredje måte å stille midlar til disposisjon på.

Vi er samde i at rundskriv R-111 ikkje beskriv forholdet der eit departement samordnar styringssignal og formidlar budsjettfullmakter frå fleire departement. Vi oppfattar det likevel

slik at slik samordning og formidling av budsjettfullmakt kan gjerast i tråd med føresegnene pkt. 1.5, og at det bør gjerast når det bidreg til meir effektiv og samordna styring. Vi vil vurdere å foreslå å klargjere dette i kommande revisjonar av rundskriv R-111.

BFD kan derimot ikkje delegerer si budsjettfullmakt til JD slik at JD sjølv delegerer denne budsjettfullmakta, sidan kvart departement er ansvarleg for dei budsjettkapitla og -postane som Stortinget har stilt til disposisjon for departementet på det aktuelle politikkområdet. BFD vil òg vere ansvarleg for å føre kontroll med måten SRF disponerer løyvinga på. Sjå føresegnene om økonomistyring i staten pkt. 3.2.1, siste avsnitt.

Dersom styringssignal og delegering av budsjettfullmakt frå BFD til SRF blir formidla via eit samordna tildelingsbrev frå JD, må det dermed vere årleg kontakt mellom JD og BFD på grunnlag av Stortingets budsjettvedtak, der BFD gir JD nødvendig informasjon om løyvinga, til dømes kapittel, post, beløp som blir stilt til disposisjon, kva midlane skal brukast til, krav til rapportering og eventuelle styringssignal.

Førespurnad 2 – om krav til signatur på tilskotsbrev som blir generert automatisk

Førespurnaden gjaldt om signatur på kvart enkelt tilskotsbrev er påkravd når breva er genererte automatisk frå eit vedtak som er signert av den som har budsjettddisponeringsmyndigheit. Ifølgje verksemda kan det bety at den som budsjettddisponerer, i realiteten må godkjenne det som er godkjent i vedtaket, éin gong til.

I svaret vårt viste vi til føresegnene punkt 6.3.3, der det står at tilskotsforvaltaren i eit tilskotsbrev skal melde frå til søkjarar om vedtak om å tildele tilskot. Det ligg til grunn for denne omtalen at slike vedtak blir signerte (underteikna), og at det normalt skal gjerast av ein tilsett med budsjettddisponeringsmyndigheit for den aktuelle tilskotsløyvinga.

Spørsmålet om korvidt vedtak som forvaltinga fattar, må signerast, eller om det på annan måte må gå fram kven som har behandla saka, er omtalt i ein uttale frå Sivilombodsmannen frå 2017. Der går det fram at det følgjer av god forvaltningsskikk, og føresetnadsvis av habilitetsreglane i forvaltingslova, at ein part – i denne samanhengen søkjar/mottakar av tilskot – skal få kjennskap til kven som har behandla saka. Søkalla automatisert saksbehandling, det vil seie når brev og vedtak er automatisk generert eller masseprodusert på grunnlag av rein maskinell behandling, er ikkje behandla i uttalen. Vi oppfattar det likevel slik at førespurnaden ikkje gjaldt eit slikt opplegg.

Signeringa av tilskotsbrev kan skje elektronisk eller manuelt. I ein annan tolkingsuttale frå DFØ om elektronisk signering av tilskotsbrev er det vist til at dette svarer til opplegg som mange verksemder bruker for andre brev, og der det går fram at brevet er elektronisk godkjent, og at det derfor ikkje har handskriven signatur. Informasjon om kven som har godkjent og signert tilskotsbrevet, vil i slike tilfelle bli lagra i dei elektroniske fagsystema til verksemda (arkivsystem, saksbehandlingssystem eller anna).

Til spørsmålet om korvidt den som budsjettddisponerer, ved signering av tilskotsbrev i realiteten må godkjenne éin gong til det som er godkjent i vedtaket, kommenterte DFØ at det ikkje nødvendigvis er tilfelle. Det er avhengig av funksjonaliteten og sikkerheita i systema verksemda utviklar til saksbehandlinga, og av innhaldet i tilskotsbrev. Generelt er

føresegner om økonomistyring i staten innretta slik at det er nok om verksemda utøver og dokumenterer budsjett disponeringa éin gong.

Det gjekk fram av førespurnaden frå verksemda at tilskotsbrev vil bli generert automatisk frå eit vedtak om å tildele tilskot. Det forstår vi slik at verksemda vil nytte eit elektronisk saksbehandlingssystem der det er dokumentert kven som har godkjent vedtaket og brukt budsjett disponeringsmyndigheita si. Dersom det blir brukt standardiserte tilskotsbrev, og innhaldet i brevet ved eit slikt opplegg fullt ut følgjer av innhaldet i vedtaket, kan tilskotsbrevet etter vår vurdering sendast ut på grunnlag av det godkjende og dokumenterte vedtaket, utan ei eiga/etterfølgjande godkjenning av brevet. Grunnlaget for ei elektronisk signering av brevet vil i så fall liggje i det godkjende vedtaket. Dersom tilskotsbrevet derimot inneheld opplysningar som ikkje følgjer av vedtaket, vil det sannsynlegvis vere behov for ei eiga godkjenning (signering) av brevet.

Førespurnad 3 – om delegering av budsjett disponeringsmyndigheit til rolla «avløysar»

Ein førespurnad gjaldt delegering av budsjett disponeringsmyndigheit til rolla «avløysar». Verksemda lurte på om denne rolla automatisk har budsjett disponeringsmyndigheit knytt til seg, og om det derfor ikkje er nødvendig å delegera budsjett disponeringsmyndigheit skriftleg til avløysaren.

Etter føresegnene punkt 2.5.2.1 skal delegering av budsjett disponeringsmyndigheit vere skriftleg, og verksemda skal ha rutinar for tilfredsstillande oppfølging av delegert budsjett disponeringsmyndigheit. Skriftleg i denne samanhengen betyr òg elektronisk.

Budsjett disponeringsmyndigheit kan delegerast gjennom roller i verksemda. Ein føresetnad er at rollene er beskrivne med tilhøyrande fullmakter som budsjett disponeringsmyndigheit, og at dette er godkjent av verksemdsleiaren. Det kan til dømes vere nedfelt i økonomiinstruksen til verksemda.

Dersom utøvinga av budsjett disponeringsmyndigheit skal skje i økonomisystemet, vil det vere ein føresetnad at økonomisystemet til verksemda har funksjonar og tilgangar som er i samsvar med fullmaktsstrukturen i verksemda og krava i økonomiregelverket. Sjå meir om krava til funksjonalitet i økonomisystemet i føresegnene punkt 4.3, særleg punkt 4.3.6 om sikkerheit i økonomisystemet.

Overordna vil det liggje til verksemda sitt ansvar for internkontrollen å vareta desse strukturane og samanhengen mellom dei, jf. føresegnene punkt 2.4.

Førespurnad 4 – om behandling av uteståande krav som følgje av koronaviruspandemien

Føresegnene inneheld ikkje regulering av den situasjonen at ein kunde/gebyrpliktig/avgiftspliktig ber om betalingsutsetjing. Skattebetalingslova kapittel 15 inneheld reglar om betalingsutsetjing for skatte- og avgiftskrav, men dei betalingane verksemda som spør, krev inn, synest ikkje å vere omfatta av verkeområdet til denne lova eller skattebetalingsforskrifta. Vi er heller ikkje kjende med anna felles regulering i staten som omhandlar spørsmålet.

Det er vår tolking at manglande regulering av tilgang til betalingsutsetjing i føresegnene og andre kjelder inneber at statlege verksemdar ikkje kan innvilge betalingsutsetjingar, med unntak av der verksemdar har slik tilgang etter lov eller forskrift.

Føresegnene opnar likevel for at innkrevjing av eit krav på visse vilkår kan utsetjast. DFØ forstår det slik at dette inneber at det ikkje blir teke aktive skritt for å drive inn beløpet, til det eventuelt på eit seinare tidspunkt blir grunnlag for å ta opp att innkrevjinga. Dette inneber at renter framleis blir lagde til.

Etter vår vurdering vil ein førespurnad om betalingsutsetjing grunnlagt med likviditetsproblem som følgje av koronaviruspandemien vere tilstrekkeleg til at kravet kan utsetjast. Vi meiner med andre ord at kravet til ei grundig vurdering av at det for tida ikkje er mogleg å inndrive kravet, jf. føresegnene punkt 5.4.3 første avsnitt, i dagens situasjon vil vere oppfylt ved mottak av ein slik førespurnad om betalingsutsetjing. Innkrevjinga må takast opp att dersom det seinare blir grunnlag for det.

På tidspunktet for mottak av ein slik førespurnad vil det ikkje vere naturleg å gjere noka vurdering av den framtidige betalingsevna til den enkelte kunden og om eit forventat tap er sannsynleg.

5 Andre tiltak og erfaringar

I dette kapittelet omtaler vi andre tiltak og erfaringar frå aktivitetar vi gjennomfører. Tiltaka og erfaringane kan ha betydning for vidareutviklinga av økonomiregelverket, korleis verksemda etterlever regelverket, og kompetansetilbodet frå DFØ. Kapittelet er delt inn i fire tema som er sentrale for regelverksforvaltinga. Det er regelverksutvikling, innhenting av kunnskapsgrunnlag, kompetansenester og forvalting og tilgjengeleggjering av informasjon.

5.1 Regelverksutvikling

Det er eit kontinuerleg arbeid å utvikle og oppdatere økonomiregelverket. Føresegnar om økonomistyring i staten blir vanlegvis oppdaterte med nokre års mellomrom, sist i september 2019. Då innebar endringane på fleire område ei standardisering og tydelegare normering for å leggje til rette for samanlikningar mellom verksemder, god kvalitet på dataa og innsyn i statens verksemd.

I 2020 blei fleire av Finansdepartementet sine rundskriv oppdaterte med bakgrunn i endringane i føresegnene. Finansdepartementet innarbeidde også enkelte presiseringar og forenklingar i dei statlege rekneskapsstandardane.

5.1.1 Rundskriv er oppdaterte

I 2020 utarbeidde DFØ forslag til, og Finansdepartementet fastsette, endringar i til saman ni rundskriv, sjå [Finansdepartementets rundskriv – regjeringen.no](https://www.regjeringen.no). Generelt blei det gjort justeringar som følgje av endringar i føresegnene hausten 2019 og endringar i andre regelverk. Vidare blei namn på departement og underliggjande verksemder oppdaterte, og det blei gjort språklege endringar for å gjere rundskriva oppdaterte og meir lettlesne. Det blei gjort større endringar i to av rundskriva, sjå nedanfor.

Om oppdatering av rundskriv R-102 om standard kontoplan for statlege verksemder

Rundskriv R-102 er oppdatert og gjeld frå 1. januar 2021. I rundskrivet er det sett inn ein fotnote om artskontobruk ved utlegg og utgiftsdeling i punkt 4.1 om inndeling og oppbygging av standard kontoplan. I fotnoten presiserer vi at innbetalingar som er refusjon av tidlegare utført betaling ved utlegg eller utgiftsdeling, etter statens kontoplan skal først til reduksjon av den bokførte utgifta, jf. rundskriv R-101 om statens kontoplan for statsbudsjettet og statsrekneskapa punkt 4.1, tredje avsnitt og til reduksjon på aktuell artskonto. Nettoføring skal gjerast for å sikre konsistent presentasjon av transaksjonane i oppstilling av løyvingsrapportering og i oppstilling av artskontorapportering. Utover dette er det gjort mindre endringar i standard kontoplan.

Om oppdatering av rundskriv R-114 om bruk av dei statlege rekneskapsstandardane (SRS) i verksemdsrekneskapa, og forenkling av tre standardar

I 2020 blei tre av dei statlege rekneskapsstandardane (SRS) oppdaterte. Det var SRS 1 om

presentasjon av verksemdsrekneskapen, SRS 2 om kontantstraum og SRS 17 om anleggsmiddel. Formålet med endringane er å tydeleggjere punkt i standardane der vi erfarer at det er behov for avklaringar.

I SRS 1 er retningslinjer knytte til forenklingar ved utarbeiding av opningsbalansen tydeleggjorde. Verksemda kan velje å ikkje balanseføre eigeninnsats knytt til utvikling av immaterielle egedelar og varige driftsmiddel som er ferdigstilte eller under utvikling før tidspunktet for opningsbalansen, sjølv om ein vel balanseføring som prinsipp i løpande drift. Tilsvarande forenkling gjeld for leigeavtalar og er aktuell for verksemdar som ikkje vel forenkla metode ved klassifisering av leigeavtalar. Alle forenklingar som gjeld utarbeiding av opningsbalanse, og som i dag ligg i vedlegg til SRS 17, er samla i eit eige avsnitt i SRS 1 for å lette oversikta.

I SRS 2 er det gjort ei mindre justering i avstemmingsdelen som vi oppmodar verksemdene til å ta i bruk allereie for årsrekneskapen 2020. I SRS 17 er det tydeleggjort kva som ligg i omgrepet *anskaffingskost ved tilverking*. Det kjem no tydeleg fram at anskaffingskost ved tilverking omfattar faste og variable tilverkingsskostnader, både slike som kan knytast direkte, og slike som kan knytast indirekte, til tilverkinga. I punktet om nedskriving er det gjort klart at vurdering av nedskriving av immaterielle egedelar og varige driftsmiddel skal gjerast både ved endra bruk og ved redusert utnytting av immaterielle egedelar og varige driftsmiddel.

5.1.2 Ny vurdering av om statlege rekneskapsstandardar (SRS) bør gjerast obligatoriske

I juni 2019 sende DFØ si tilråding om fornya vurdering av obligatorisk periodisering over til Finansdepartementet. Tilrådinga blei deretter sendt ut på departementsframlegging med svarfrist i januar 2020. DFØ har støtta Finansdepartementet i gjennomgangen av høyringssvara.

Basert på høyringsinnspela har DFØ innarbeidd enkelte presiseringar og forenklingar i dei statlege rekneskapsstandardane. Tilbakemeldingar om behandling av tilskot og stønader og forslag til balanseføring av tenestepensjonsordninga er innspel vi vil ta med oss i det vidare arbeidet med å utvikle økonomiregelverket og SRS.

Dei statlege rekneskapsstandardane gir betre rekneskapsinformasjon, men dette åleine endrar ikkje nødvendigvis økonomistyringa til verksemda. Kunnskapsdepartementet (KD) har ført periodisert rekneskap etter SRS sidan 2014, men har så langt i mindre grad teke i bruk den periodiserte rekneskapsinformasjonen i si løpande økonomistyring. Ambisjonsnivået til KD er å få på plass betre rekneskapsanalysar og betre økonomistyring framover. I 2019 blei det derfor oppretta eit prosjekt med DFØ for å identifisere tiltak KD kan gjennomføre for å auke bruken og nytten av den periodiserte rekneskapen etter SRS. DFØ har i dette arbeidet i 2020 sett på kva endringar KD kan gjere for å få meir nytte av den periodiserte rekneskapen sin. Analysar av rekneskapen til KD har synleggjort kva informasjon som er relevant i økonomistyringa i verksemda.

Forsvarsdepartementet skal ta i bruk dei statlege rekneskapsstandardane, og her òg vil DFØ hjelpe til med å avklare korleis rekneskapsinformasjonen kan brukast i styringa i verksemda.

DFØ jobbar kontinuerleg med å redusere kostnadene ved å føre rekneskapen etter SRS og vise korleis verksemdene kan få auka nytte av informasjonen som den periodiserte rekneskapen gir.

5.2 Innhenting av kunnskapsgrunnlag

I forvaltinga av regelverket innhentar vi kunnskap om forvaltinga og ulike faglege tema. Kva vi innhentar av kunnskapsgrunnlag, kan variere frå år til år. Kunnskapsgrunnlag skal gi DFØ grunnlag for å vurdere utviklinga av regelverket og behovet for kompetansetenester.

5.2.1 Riksrevisjonen Dokument 1 for 2019

I tildelingsbrevet for 2021 ber Finansdepartementet om at DFØ peiker på eventuelle forhold av gjennomgåande karakter som er komne fram i Dokument 1 frå Riksrevisjonen.

Dokument 1 er Riksrevisjonens årlege rapport om revisjon og kontroll av statsforvaltinga. I denne får Stortinget informasjon om viktige forhold som er komne fram i finansiell revisjon, etterlevingsrevisjon og mindre forvaltingsrevisjonar. Dokument 1 for året 2019 blei offentleggjort 3. november 2020. Riksrevisjonen har revidert statsrekneskapen og 230 årsrekneskapar for 2019 frå departement og underliggjande verksemder.

Hovudfunn i Dokument 1 for 2019

Også dette året konkluderer Riksrevisjonen overordna med at det i all hovudsak står bra til med rekneskapane i staten, og at dette er viktig for tilliten til styresmaktene.

Der Riksrevisjonen har funne mindre feil, rettar dei fleste verksemdene (i dialog med overordna departement) opp feila undervegs i revisjonen, noko Riksrevisjonen vurderer som positivt. Statsrekneskapen er i det vesentlege korrekt framlagd og presentert.

Av kritikkverdige forhold oppsummerer Riksrevisjonen dei viktigaste slik:

- Rekneskapen til Forsvaret inneheld vesentlege feil for fjerde år på rad.
- Staten krev inn for høge gebyr på tenester som tinglysing av eigedom og teoriprøven for førarkort. For dei tenestene vi har sjekka, betaler innbyggjarane over 600 millionar kroner meir enn dei skal.
- NAV har ikkje god nok kontroll på korleis tiltaksbedrifter bruker midlane som skal gå til arbeidsmarknadstiltak.
- Tryggleiken på riksvegane blir ikkje godt nok følgd opp av Statens vegvesen.

Oppfølging i DFØ som følgje av Dokument 1 for 2019

I samband med oppfølginga av at staten krev inn for høge gebyr (andre kulepunkt ovanfor), anbefaler Riksrevisjonen at Finansdepartementet følgjer opp at DFØ klargjer retningslinjene for bruk av artskonto og presentasjon i årsrekneskapen.

Finansdepartementet har følgd opp Riksrevisjonens anbefaling i tildelingsbrev til DFØ, og vi arbeider med problemstillinga mellom anna med sikte på å klargjere retningslinjene for bruk av artskonto og presentasjon i årsrekneskapen.

Generell vurdering av Dokument 1 for regelverksforvaltninga i DFØ

Dokument 1 peiker på forhold av overordna karakter og enkelte avvik i praksis hos statlege verksemder. Dokument 1 peiker på avvik når det gjeld rekneskapsføring, etats- og verksemdsstyring og tilskotsforvaltning.

DFØ har rettleiing på alle desse områda, men kjenner ikkje til om avvika som er omtalte i Dokument 1, kjem av manglande forståing av økonomiregelverket. Vi oppfattar det ikkje slik at Dokument 1 omhandlar forhold av gjennomgåande karakter i 2019.

5.2.2 Kunnskapshenting og erfaringsdeling på styringsområdet

Generelt ser vi på styringsområdet at merksemda om tverrgåande styringsutfordringar har auka i departement og verksemder dei seinare åra, og at ønsket om å løyse desse utfordringane gjennom samordning har høg oppslutning. Ei rekkje initiativ er sette i verk, og det blir etablert arenaer for erfaringsdeling og gjennomført forvaltingsrevisjon og evalueringar. DFØ har i 2020 oppsummert og presentert ein del av dette materialet på dfo.no under temaet «Samordning».

Vi har gjennom dialog med departement og andre statlege verksemder fått ytterlegare kunnskapsgrunnlag om instruks, tildelingsbrev og årsrapportar. Vi viser til DFØ sin årsrapport for 2020 kapittel 3.3.2, som handlar om tilstandsutvikling i styringspraksisen til statlege verksemder.

Hausten 2020 gjennomførte konsultentselskapet PWC ei kunnskapsinnhenting innanfor etatsstyring. Oppdraget var å utføre ein komparativ, kvalitativ analyse av etatsstyringa i departementa. Det blei gjennomført 31 intervju hos 10 departement og 7 underliggjande verksemder. Utgangspunktet var korleis departementet bruker tildelingsbrev i styringsdialog, mellom anna korleis departementa formulerer mål og styringsparametrar.

I rapporten er hovudfunna oppsummerte slik:

- Tildelingsbrevet er den viktigaste kanalen for formidling av styringssignal.
- Eigenarten til verksemdene betyr noko for etatsstyringa i departementa.
- Det er utfordrande å lage gode mål og styringsparametrar.
- Departementa legg varierende vekt på samordning.

Rapporten er publisert på [Etatsstyring – DFØ \(dfo.no\)](http://Etatsstyring-DFØ(dfo.no)).

5.2.3 Definisjon av fagomgrep i økonomiregelverket

I 2019 starta vi arbeidet med å definere fagomgrep i økonomiregelverket. Omgrepsarbeidet skal medverke til meir eintydig omgrepsbruk i fagmiljøet, tydelegare grunnlag for rettleiing og auka forståing hos dei som skal bruke regelverket. Arbeidet skjer i samarbeid med Språkrådet og følgjer terminologisk metode.

Omgrepsarbeidet er avgrensa til fagomgrep som står i økonomiregelverket, og som DFØ kan seiast å ha eigarskap til som fagorgan og forvaltar av regelverket. Kva omgrep som skal reknast som fagomgrep i økonomiregelverket, har vore ei sentral vurdering. På rekneskapsområdet har vi til dømes ikkje definert omgrep som allereie er definerte i Norsk rekneskapsstandard, men vi har definert dei omgrepa vi meiner er spesifikke for statleg rekneskap. Arbeidet med definisjon av omgrep på styringsområdet (etatsstyring og verksemdsstyring) starta hausten 2020. Vi har valt å definere omgrep som har ei spesiell tyding innanfor etats- og verksemdsstyring.

Fagomgrep på området tilskotsforvaltning er definerte og publiserte i Felles datakatalog. I dette arbeidet var det dialog med prosjektet Digitaliskudd, som hadde behov for definisjonar i utviklinga av si digitale løysing.

Ambisjonen er å fullføre omgrepsarbeidet i løpet av 2021. Når definisjonane er godkjende internt i DFØ, skal dei publiserast på dfo.no og i [Felles begrepskatalog](#).

5.2.4 Innrapportert bruk av rekneskapsprinsipp

Det har vore ein mindre auke frå 2019 til 2020 i talet på verksemder som fører rekneskapen etter dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Tabell 3: Innrapporterte rekneskapsprinsipp for rekneskapsåra 2016–2020

Rekneskapsprinsipp ved utarbeiding av verksemdsrekneskapen	Verksemder i alt				
	2020	2019	2018	2017	2016
Kontantprinsippet slik det går fram av økonomiregelverket	118	123	128	125	140
Periodiseringsprinsippet etter dei statlege rekneskapsstandardane (SRS)	65	62	62	62	62
Anna	1	1	1	1	2
Sum	184	186	191	188	204

5.2.5 Rapport om økonomistyring i dei nordiske landa

DFØ, med konsulentbistand frå Deloitte, gjennomførte i 2020 ei kartlegging av statleg økonomistyring i dei nordiske landa. Alle dei fem landa i Norden inngår i kartlegginga: Noreg, Sverige, Danmark, Finland og Island. Rapporten er publisert på dfo.no.

Kartlegginga gir kunnskap om dei formelle strukturane for økonomistyringa i dei nordiske landa. Ho viser òg likskapar og ulikskapar i økonomistyringa i Norden og gir dermed innblikk

i alternativ som kan ligge til grunn for utvikling i vårt eige land. Deloitte innhenta informasjon om økonomistyringa i landa og vurderte trendar med bistand frå sine avdelingar i dei andre nordiske landa.

Kartlegginga beskriv på eit overordna nivå forvaltingsstruktur, aktørar og regelverk og dei sentrale prosessane etatsstyring, verksemdsstyring, statsbudsjett og statsrekneskap, tilskotsforvaltning, rapportering, utgreiing og evaluering. Landa blir samanlikna for kvar av desse prosessane, og graden av likskap med Noreg blir framstilt visuelt. I tillegg blir kvart land beskrive noko meir i djupna. Eit eige kapittel peiker på nokre aktuelle trendar i den statlege økonomistyringa for Norden samla og for kvart av landa.

Deloitte og DFØ samarbeidde om utforminga av datasett, struktur og innhald i rapporten. Datasettet blei etablert for å gi kartlegginga god metodisk kvalitet og for å ha grunnlag for seinare oppdateringar og vidareutvikling. Det kan vere aktuelt å samarbeide med søsterorganisasjonane i Norden om oppdateringar.

5.3 Kompetansetenester

Ein del av regelverksforvaltninga til DFØ er å leggje til rette for at statlege verksemdar og departement kan etterleve regelverket. Vi tilbyr derfor ulike former for kompetansehevande tiltak. For å kunne utarbeide relevante og målretta kompetansetenester er det viktig å ha god brukardialog gjennom kurs, rådgiving, nettverk og behandling av førespurnader.

Vi viser til årsrapporten frå DFØ for 2020, der det er ein omtale av kompetansetilbodet og samhandlingsarenaene til DFØ. Der er det mellom anna vist til at mange arrangement i 2020 måtte gjennomførast digitalt som følgje av koronaviruspandemien.

5.3.1 Utvikling av fagområda styring, organisering og leiing

På styringsområdet har vi prioritert bistand i form av rådgiving, presentasjonar og verksemdstilpassa innlegg for å informere og rettleie om krav og intensjonar i økonomiregelverket. På same måte som i 2019 er det særleg tema innanfor mål- og resultatstyring, bruk av økonomiske data i styringa, effektiv ressursbruk, etatsstyring og langsiktig styring og strategi som har vore etterspurde.

Den 1.1.2020 blei fagområda leiing, organisering, arbeidsgivarstøtte i staten og offentlege anskaffingar flytta frå det tidlegare Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) til DFØ. Kompetansetiltak er utarbeidde slik at desse fagområda kan sjåast i samanheng med kompetansetenester innanfor verksemdsstyring og etatsstyring.

For å sjå fagområda styring, organisering og leiing i samanheng har DFØ i 2020 gjennomført fem webinar på tvers av fagområda i divisjonen. Tema for webinarane var:

- «Funkar fjernkontrollen?» Kontroll, tillit og leiing av medarbeidarar på heimekontor i ein pandemisituasjon.
- «Kva har vi lært?» Erfaringar frå pandemien med raske omveltingar. Kva kan vi ta med av erfaringar i utviklingsarbeidet?

- «Gode kvar for seg, men best saman?» Om strategiarbeidet i departementa og kor viktig det er å ha ei felles problemforståing.
- «Kunnskapsbaserte avgjerder – utopi eller gullstandard?» Kva er kunnskap, og kva slags kunnskap er det som tel?
- «Beredskap og krise – kva skjer når planverk og strategi møter praksis?» Erfaringar med å ta i bruk lov- og rammeverket for krisehandtering under pandemien.

5.3.2 Kurs/webinar og foredrag

Vi viser til årsrapporten til DFØ, der det står at kunde- og brukarundersøkinga frå i fjor viste at brukarane fann dei tilpassa kursa, seminara og nettverka særleg nyttige. I årsrapporten vår viser vi òg til at brukarane gjennom fleire år har etterspurt meir praktisk rettleiing i mål- og resultatstyring, måling og oppfølging av effektar og ressursbruk, og rettleiing i styring av komplekse og tverrgående samfunnsutfordringar.

DFØ har derfor i 2020 prioritert å medverke med verksemdstilpassa kurs og presentasjonar på førespurnad frå ulike statlege verksemder og departement. Temaa har særleg krinsa rundt mål- og resultatstyring, etatsstyring, oppfølging av informasjonstryggleik i styringsdialogen og bruk av økonomiske data i styringa, mellom anna effektiv ressursbruk.

Nedanfor er nokre av kursa og foredraga vi har arrangert eller ytt bidrag til i 2020, omtalte.

Styring

I 2018/2019 overførte Finansdepartementet til DFØ ansvaret for masterkurset ved Universitetet i Oslo kalla «Etatsstyring mellom politikk og forvaltning». I 2019/2020 var det 22 deltakarar frå departement og verksemder på dette kurset.

DFØ har i heile 2020 arbeidd med å utvikle eit nytt kompetansetiltak for nye leiarar i staten. Kurset «Ny som leder i staten» er felles prosjekt for miljøa i DFØ som arbeider med styring, leiing og arbeidsgivarstøtte. Kurset skal både ha fysiske samlingar og eit omfattande digitalt læringsløp. Målgruppa er «lågaste» leiarnivå, altså leiarar som leier ei gruppe medarbeidarar, og ikkje leiarar som leier andre leiarar. Kurset har oppstart våren 2021.

DFØ har vore ein aktiv bidragsytar i delprosjektet «Risikostyring av informasjonssikkerhet». DFØ har hatt ei særleg rolle i formidlinga av korleis styring og kontroll av informasjonstryggleik er ein integrert del av verksemdsstyring og internkontroll i verksemder.

Eit anna tiltak vi deltok i, var då NFD i 2020 heldt ei stor fagsamling som ei vidareføring av løftet i kompetansebygging rundt mål og resultatstyring i eigarstyringa av sektorpolitiske selskap. Her var målgruppa både fagpersonar i departementet og representantar frå sektorpolitiske selskap som staten har eigarskap til. Innleiinga DFØ heldt på denne samlinga, blei filma og lagd ut på regjering.no.

Statleg rekneskap

Eit digitalt innføringskurs i rekneskap for bruttobudsjetterte verksemder blei arrangert hausten 2020. Innføringskurset gir betre forståing av kva grunnleggjande prinsipp som gjeld ved rekneskapsføring i statlege verksemder, og enkelte praktiske konsekvensar dette har.

Det blei òg arrangert digitalt innføringskurs i verksemdsrekneskap etter dei statlege rekneskapsstandardane (SRS). Kurset gir ei oversikt over hovudreglane i SRS. Hovuddelen av kurset er ein gjennomgang av ein verksemdsrekneskap etter SRS med resultat- og balanseoppstilling og notar. I samband med kurset lanserte vi tre modular i «Spill DFØ», som ein del av opplæringa. Det blei òg halde eit digitalt kurs om SRS for Forsvarsdepartementet, ettersom dei skal over på SRS i 2022.

Den årlege rekneskapsdagen orienterer om dei viktigaste endringane og utviklinga av rekneskapsområdet i staten. Konferansen blei i 2020 halden som webinar med over 350 deltakarar.

Regelverk

I desember gjennomførte vi eit webinar om økonomiregelverket. Då gjekk vi systematisk gjennom alle kapitla i føresegnene for å gi ei overordna oversikt over økonomiregelverket.

5.3.3 Faglege nettverk

Nettverk er møteplassar for utveksling av erfaringar, formidling av gode døme og fagleg påfyll for tilsette som arbeider i departement og statlege verksemder.

DFØ har etablert fire faglege nettverk på områda tilskot, internrevisjon, verksemdsstyring og samfunnsøkonomisk analyse. I tillegg har DFØ fast leiarrolle for arbeidsutvalet for EVA-forum (nettverk for evaluering i staten). I 2020 arrangerte vi fem nettverksmøte i regi av DFØ og to i regi av EVA-forum. Møta hadde stor oppslutning.

Det blei arrangert eit møte i Nettverk for verksemdsstyring. Tematikken var anskaffingar som ein strategisk del av verksemdsstyringa. For mange statlege verksemder er anskaffingar ein stor del av kostnadene, og ved å få god styringsinformasjon om korleis anskaffingar fungerer, kan ein styre ressursbruken betre. På grunn av koronaviruspandemien blei det ikkje arrangert fleire fysiske nettverksmøte.

I januar 2020 arrangerte EVA-forum i samarbeid med Gyldendal og evalueringsavdelinga i Norad eit bokseminar for lansering av «Fem forutsetningar for gode evalueringer» av Per Øyvind Bastøe. Direktøren for DFØ innleidde og deltok i panelsamtale om tematikken. EVA-forum arrangerte i mars eit seminar i samarbeid med evalueringsavdelinga i Norad og Norsk evalueringsforeining. Evalueringskriteria som opphavleg blei vedtekne av OECDs utviklingskomité (DAC) i 1991, blei i 2019 reviderte gjennom ein omfattande internasjonal prosess for å fange opp lærdom og erfaringar frå dei siste 25 åra. Dei reviderte kriteria blei presenterte av Norads evalueringsdirektør, som har leidd arbeidet med revisjonen internasjonalt. Diskusjonane handla om kva kriteria kan ha å seie for evalueringspraksis i Noreg. Det var innlegg frå Forskningsrådet, FAFO og DFØ. Medlemmene i EVA-forum blei i tillegg inviterte til to webinar haldne av Norsk evalueringsforeining i juni og desember. Den årlege evalueringskonferansen som var planlagd for 2020, er utsett til 2021.

5.3.4 Rettleiingsmaterieil på nett

DFØ har med bakgrunn i kartleggingar, brukardialog og utviklingstrekk i styringa sett behov for å oppdatere og vidareutvikle rettleiingsmateriellet knytt til styringsdokument som instruks og tildelingsbrev. Vi har brukt tenestedesign som metode for å utvikle store delar av rettleiingsmateriellet om styring som blir publiserte på nett. Dette har gitt god innsikt i brukarbehova og korleis brukarane utnyttar rettleiinga vår for å løyse konkrete oppgåver og utfordringar dei har. Meir informasjon om dette går fram av DFØ sin årsrapport punkt 3.3.4.

Når det gjeld verksemdsstyring, kan vi nemne at i 2020 blei

- «ofte stilte spørsmål» om risikostyring utarbeidd på nettsidene. Dette var basert på spørsmål vi har fått på kurs og seminar og gjennom andre førespurnader til DFØ;
- rettleiingsmateriellet knytt til fleirårig planlegging og strategi utvida med fleire praktiske døme på korleis verksemdar arbeider med strategiprosessane;
- rettleiingsteksten «Fem steg på veien til god styringsinformasjon – veiledning til oppfølgingsfasen i mål- og resultatstyringen» utarbeidd. Teksten vil bli publisert på dfo.no vinteren 2021.

For etatsstyringsområdet har vi i 2020 utarbeidd ei ny hovudsida på dfo.no. Denne sida vil få meir innhald etter kvart som nytt materieil er klart for publisering.

Av anna rettleiingsmaterieil på styringsområdet kan nemnast:

- I 2019 og 2020 har vi arbeidd med rettleiingsmaterieil om «hovudinstruks». Teksten er brukartesta og send til Finansdepartementet for kommentar.
- Rettleiingsmaterieil om tildelingsbrev er under utvikling og vil bli teke inn i dialogen med Finansdepartementet i 2021.
- Rettleiingsmateriellet knytt til «Informasjonssikkerhet i styringsdialogen» blei i januar 2020 lagt ut på dfo.no. Hovudleveransane var «Miniveiledning om oppfølging av informasjonssikkerhet i styringsdialogen» og «Dialogverktøy – støtte til styringsdialogen om informasjonssikkerhet». I tråd med føringane i tildelingsbrevet for 2020 har DFØ medverka med marknadsføring og formidling av rettleiingsmateriellet gjennom innlegg og foredrag.

Rettleiingsmaterieil for statleg rekneskapsføring blir oppdatert fortløpande. Dette gjeld rettleiingar knytte til standard kontoplan for statlege verksemdar, rekneskapsprinsipp og årsrekneskap. I 2020 utarbeidde vi mellom anna rettleiingsmaterieil knytt til ny regulering av kva som kan inngå som ein del av mellomværet med statskassen ved rapportering til statsrekneskapen. Mal for årsrekneskap for verksemdar som rapporterer til Svalbardrekneskapen, blei vidareutvikla. For dei statlege rekneskapsstandardane blei rettleiingsmateriellet for utarbeiding av opningsbalanse og praktiske konteringsdøme oppdatert.

På tilskotsområdet blei det gitt rettleiing på nett etter utbreiinga av koronaviruspandemien. Rettleiinga gjaldt utfordringar som dukka opp, både for tilskotsmottakarar og

tilskotsforvaltarar, når aktivitet blei innstilt eller endra. Dei generelle spørsmåla og svara blei fortløpande publiserte på nettsidene vår.

Av anna kan nemnast at det er oppdatert rettleiingsmateriell på dfo.no om endringar i krav til transaksjonskontrollar, jf. oppdatering av føresegnene i 2019.

5.4 Forvalting og tilgjengeleggjering av informasjon

I DFØ er vi opptekne av at publikum og forvaltinga skal ha enkel tilgang til data om ressursbruk og resultat i det offentlege. Vi har verktøy og gjennomfører prosjekt som ikkje berre skal bidra til å gjere informasjon tilgjengeleg, men som òg skal leggje til rette for god styring, kontroll og meir effektiv ressursbruk i statlege verksemdar.

Nedanfor er nokre døme på verktøy og korleis vi gjer informasjon tilgjengeleg for statlege verksemdar.

5.4.1 Samarbeidsprosjektet Digitilskudd

Digitilskudd er eit samarbeidsprosjekt mellom DFØ og Kulturdepartementet som skal resultere i ei digital oversikt over statlege tilskot, «Tilskudd.no». Prosjektet skal samle informasjon som blir tilgjengeleg på ei søkje- og filtrerbar nettside. Tilskotsløysinga vil gi høve til betre styring og forvalting gjennom systematisk kunnskap, samtidig som nettsida skal gi rask nytte for søkjarar. Løysinga skal vere modulbasert og leggje grunnlaget for vidare digitalisering av tilskotsområdet.

Tenesta skal først inkludere statlege tilskot til frivillig sektor, men skal seinare utvidast til å inkludere statlege tilskot til alle sektorar. Prosjektperioden er frå 2019 til 2022 og har fått støtte frå Digitaliseringsdirektoratets medfinansieringsordning for statlege digitaliseringsprosjekt. Hausten 2020 starta utviklingsarbeidet basert på smidig utvikling med kontinuerlege leveransar, der vi prøver delar av tenesta ut på brukarar gjennom heile fasen. Målet er å ha ei god teneste i 2022.

For å ta ut gevinstane av prosjektet må vi jobbe med dei semantiske, juridiske og organisatoriske problemstillingane parallelt med den tekniske utviklinga. Tilskudd.no kan bidra til å betre etterlevinga av økonomiregelverket og andre lover.

5.4.2 Forvaltingsløysinga – eit styringsverktøy for departementstilsette

Vi har i 2020 starta arbeidet med å sjå nærmare på enkelte delar av løysinga. Dette gjeld mellom anna korleis tal kan overførast frå publiseringsdatabasen og presenterast i forvaltingsløysinga. Målet er at løysinga skal opplevast som eit nyttig verktøy for departementstilsette. Løysinga gir gode moglegheiter for å analysere og samanlikne ressursbruk i staten. Tilgangen til løysinga har vore god i 2020, og vi har eit aukande brukartal. For å få godt utbytte av løysinga ser vi at det er behov for god opplæring. Derfor lanserte vi i 2020 fleire opplæringsvideoar. Vi vil arbeide vidare med opplæringsiltak i 2021.

5.5 Tiltak som følgje av koronaviruspandemien

På området regelverksforvaltning medførte koronaviruspandemien at vi måtte omprioritere ressursar til nye oppgåver. Nedanfor følgjer ei orientering om kva vi gjorde i 2020 med omsyn til økonomiregelverket og koronaviruspandemien.

Utarbeidinga av mellombels rundskriv

I mars 2020 utarbeidde vi eit forslag til eit mellombels rundskriv. Finansdepartementet fastsette 26. mars 2020 rundskriv R-100 om mellombels unntak frå føresegnar om økonomistyring i staten for at utbetaling av lønn til statstilsette kan skje til rett tid under virusutbrotet, og for at betaling til leverandørar kan skje før forfall. I rundskrivet blei det gitt to mellombelse unntak for ein periode på fem månader. Rundskrivet blei oppdatert 1. september 2020, og eitt av to unntak blei vidareført til 31. mars 2021.

Den første utgåva av rundskriv R-100 gav unntak frå kravet i føresegnene punkt 3.7.3.1 andre setning om at kredittid skal utnyttast. Unntaket gjaldt til 31. oktober 2020. Unntaket la til rette for at leverandørar kunne få betaling for leveransar til staten raskare enn avtalt kredittid. Formålet med unntaket var å bidra til å hjelpe leverandørar med likviditetsproblem gjennom virusutbrotet. Det blei lagt til grunn at statlege verksemdar som tok imot varer og tenester frå leverandørar i privat sektor, kunne utbetale til leverandøren så snart transaksjonskontrollane i samsvar med føresegnene var gjennomførte, og før kredittida var ute.

Rundskriv R-100 gav òg verksemdene unntak frå krava i føresegnene punkt 5.2.4.2 til kontroll av lønnsberekningforslaget, så langt det er nødvendig for å vareta formålet med unntaket. Dette unntaket gjeld til 31. mars 2021. Formålet var å medverke til at verksemdene blir mindre sårbare ved fråvær blant tilsette som arbeider med lønnsoppgåver, slik at utbetaling av lønn kan skje til rett tid. Unntaket gjeld ved utbetalingar til fast tilsette og til mellombels tilsette. Unntaket inneber at verksemdene kan fråvike dei konkrete krava til kontrollar av lønnsberekningforslaget så langt det er nødvendig. Før stadfestinga av lønnsberekninga blir attestert, skal likevel bankkontonummeret til mottakaren kontrollerast dersom dette er endra sidan førre lønnsperiode. Det er òg stilt krav om etterkontrollar.

Andre aktivitetar

Våren 2020 laga vi ei ny nettside (på dfo.no) der det er koronavirusrelatert informasjon om økonomiregelverket, tilskotsforvaltning, offentlege anskaffingar, utgreiingsinstruksen og leiings- og arbeidsgivarrolla i samband med handtering av koronaviruset. Vi viser òg til informasjon for lønns- og rekneskapskundane til DFØ.

6 Strategisk viktige enkeltoppgåver på regelverksområdet

Dette punktet inneheld omtale av nokre viktige oppgåver vi planlegg å arbeide med i 2021. I tråd med innrettinga av økonomiregelverket og forvaltingsansvaret til DFØ omfattar dette eit breitt spekter av tema og tiltak. Nokre av oppgåvene er oppfølging av tema som er omtalte tidlegare i rapporten.

Nedanfor er enkeltoppgåver vi planlegg å gjennomføre i 2021 innanfor ulike fagområde.

Regelverksutvikling

Vurdere konsekvensar av at så godt som alle statlege verksemdar truleg er bokføringspliktige etter bokføringslova

Vi vil vurdere kva dette inneber, og kva konsekvensar det bør få for utforminga av føresegnene. Dette er nødvendig for å unngå dobbeltregulering av statlege verksemdar.

Vurdere krav om å gi opplysningar om lønn og andre ytingar til verksemdsleiaren og eventuelle styremedlemmer

DFØ vil, i kontakt med Finansdepartementet, bidra i vurderinga av korleis eit slikt krav bør utformast, og kva statleg regelverk det bør vere nedfelt i.

Vurdere statlege fond og bruk av organisasjonsnummer i ulike samanhengar (som i rapportering til statsrekneskapen og ved fakturering)

Denne oppgåva har samanheng med klargjeringa av verksemdsomsgrepet og korleis statlege verksemdar skal registrerast i Einingsregisteret. Det er behov for å kartleggje praksis og vurdere korleis fonda bør identifiserast i samanhengar der det i dag blir brukt organisasjonsnummer.

Etats- og verksemdsstyring

Digital og brukartilpassa rettleiing i etats- og verksemdsstyring

DFØ ønskjer å arbeide vidare med å brukarrette tenestene våre og vidareutvikle rettleiingsmateriellet og kompetansenestene med sikte på å svare på dei utfordringane brukarane opplever. Vi vurderer det som særleg viktig å prioritere rettleiing som medverkar til kunnskapsbasert styring i eit fleirårig perspektiv, mellom anna å sjå styringsparametrar og årlege rapporteringskrav i samanheng med langsiktig og tverrgåande kunnskapsutvikling for å løyse gjenstridige samfunnsutfordringar. Som ein del av dette vil det òg vere viktig å sjå korleis nye og meir dialogbaserte styringsformer finn sin plass utan at det går ut over behovet for dokumentasjon og kontroll.

Statleg rekneskapsføring

Jobbe vidare i tråd med vår eiga tilråding om at periodiseringsprinsippet etter dei statlege rekneskapsstandardane (SRS) blir obligatorisk for alle statlege verksemder

Dette omfattar å rettleie verksemder som tek i bruk dei statlege rekneskapsstandardane, i tillegg til å vurdere kvar det er behov for endringar i økonomiregelverket.

Tilby rettleiing til verksemder som tek i bruk dei statlege rekneskapsstandardane

Vår vurdering er at periodisert rekneskap etter SRS gir betre analysegrunnlag når det gjeld ressursbruk. Vi prioriterer derfor å rettleie verksemder som vel å ta i bruk SRS, både i forståinga av standardane og ved praktiske døme. Formålet er å bidra til god kvalitet i grunnlagsdataa for ulike analyseformål.

Statleg rekneskapsføring generelt

Vår erfaring er at statlege verksemder framleis har behov for rettleiing om krav i økonomiregelverket og statleg rekneskapsføring. I samband med rekneskap i staten og standard kontoplan gjeld dette mellom anna samanhengen mellom artskontoane i standard kontoplan og statskontoar i statens kontoplan for områda tilskotsforvaltning, innkrevjingsverksemd og andre overføringar frå og til staten.

Vi vil òg følgje opp forslaga til forbetring og effektivisering av dagens prosessar som blei fremja i DFØ-rapporten om vidareutvikling av statsrekneskapen.

Vurdere og foreslå tiltak i samband med gebyrinntekter

DFØ vil i 2021 arbeide med å følgje opp supplerande tildelingsbrev nr. 5 for 2020, der DFØ fekk i oppdrag å vurdere og foreslå tiltak med tilpassingar i regelverk, rundskriv og rettleiingar som gir ei einsarta rapportering av artskonto for gebyrinntekter, uavhengig av om verksemdene krev desse inn sjølve eller bruker skatteetaten. DFØ skal òg vurdere korleis verksemdene og skatteetaten (som innkrevjingsverksemd) skal presentere gebyrinntektene i årsrekneskapen sin.

Om årsrekneskapen for kontantrapporterande verksemder

På slutten av 2020 fekk vi mange spørsmål frå Riksrevisjonen om årsrekneskapen for kontantrapporterande verksemder. Desse har særleg samanheng med noten som skal vise samanhengen mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen (note 8), og som er den einaste pliktige noten som inneheld informasjon om bokførte storleikar som ikkje er blitt til innbetalingar eller utbetalingar enno. Spørsmåla gjeld både kva dei grunnleggjande bokføringsføresetnadene om fullstendigheit, realitet og nøyaktigheit inneber for bokføringa til dei kontantrapporterande verksemdene, og kva det grunnleggjande prinsippet om fullstendigheit ved utarbeidinga av årsrekneskapen eventuelt inneber for innhaldet i note 8. Vi vil sjå nærmare på desse problemstillingane i 2021.

Vedlegg: Oversikt over unntakssøknader i 2020

	Dep.	Verksemd	Tema	Status	Regelverk	Varigheit	Saksnr.
1	KD	Noregs musikkhøgskole	Unntak frå statens konsernkontoordning	Innvilga	B 3.7.3.2	31.12.2020	19/672
2	KD	Noregs idrettshøgskole	Unntak frå statens konsernkontoordning	Innvilga	B 3.7.3.2	31.12.2020	17/526
3	KD	Nord universitet	Unntak frå statens konsernkontoordning	Innvilga	B 3.7.3.2	31.12.2020	18/532
4	KD	Nord universitet	Unntak frå statens konsernkontoordning	Innvilga	B 3.7.3.2	31.12.2021	18/532
5	KD	Nord universitet	Unntak frå statens konsernkontoordning	Innvilga	B 3.7.1 og B 3.7.3.2	31.12.2024	19/35
6	KD	Høgskulen i Volda	Unntak frå statens konsernkontoordning	Innvilga	B 3.7.1	31.12.2025	20/54
7	KD	Statens lånekasse for utdanning	Unntak frå statens konsernkontoordning	Innvilga	B 3.7.3.2	31.12.2025	20/315
8	NHD	Giek	Unntak frå statens konsernkontoordning	Innvilga	B 3.7.3.2 og B 3.7.3.3	31.12.2025	20/376
9	NFD	Eksportkreditt Noreg AS	Unntak frå statens konsernkontoordning	Innvilga	B 3.7.1	31.12.2021	12/881
10	FIN	Direktoratet for forvaltning og økonomistyring	Unntak frå statens konsernkontoordning	Innvilga	B 3.7.1	31.12.2025	20/1230
11	KUD	Lotteri- og stiftelsestilsynet	Unntak frå standard kontoplan	Ikkje behov for unntak	Rundskriv R-102		20/1303
12	BFD	Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker	Mellombels unntak frå standard kontoplan	DFØ kan ikkje vurdere	B 3.3.3 og R-102		19/542
13	NHD	Patentstyret	Unntak frå standard kontoplan	Innvilga	B 3.3.3	Rekneskapsåret 2021	18/535

14	JD	Politidirektoratet	Unntak frå SRS 17	Søknad trekt	Rundskriv R-114		20/6
15	FD	Forsvarsmateriell	Unntak frå krava i punkta 16-18 i SRS 3 og punkt 6 i SRS 12	Innvilga	B 3.3.2	Rekneskapsåret 2019	20/168
16	BFD	Forvaltingsorganet for Opplysningsvesenets fond	Unntak frå dei statlege rekneskapsstandardane	Avslått	B 3.3.2		20/60
17	FIN	Skatteetaten	Koronavirus – mellombels unntak frå krav til attestasjon ved anskaffingar	Innvilga	B 5.3.5.2 første ledd bokstav c	31.08.2020	20/499

